

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 16.04.2009 kl 14.00 – 18.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 020/09 - 032/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 06.04.2009.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordfører</b>	Laila Haukeland, vara
Torfinn Aga, vara	Frode Langhelle	Terje Sætre
Dina Merete K. Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Lars Solheim		Vigdis Søvik

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Kari Skår Sørheim, varaordfører	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
	Tore Helland	

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Sekretær Gerd Allis Håheim
Rådgjever Anne Kristin Rafoss
Rådgjever Alf Strand

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Ordfører Håkon Matre
<b>Utlevert i møtet:</b>	Hefte med 4 tilleggsskriv utdelt, jfr. sak 21/09 Skriv og meldingar
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

**Innkallinga vart godkjent.**

Ordførar gjorde framlegg på Siri Kratzmeier og Terje Sætre til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

Ordførar orienterte om at nokre av sakene har vore handsama i formannskapet og kraftfondsstyret tidlegare i dag. Det vil bli delt ut møtebok frå desse møta.

Ordførar opplyste elles om at ein vil starta med årsmelding og rekneskap sidan revisjonssjef Reidar Bjørsvik er tilstades.

Wenke F. Ekren orienterte om at ho var ugild i to saker. Sak 026/09 Søknad om salsløyve Kvingo Nærkjøp AS og Sak 030/09 Søknad om tilskot til Kvingo næringsbygg.

**Sakslista vart godkjent.**

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
020/09	09/251	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
021/09	09/250	Skriv og meldingar	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
022/09	06/552	Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden kommune - rapportering til kommunestyret april 2009	7
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
023/09	08/185	Rullering av kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2008 - 2011	14
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
024/09	08/802	Bjørn West museet - val av ny styremedlem	18
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
025/09	08/832	Einakavane A/S - Søknad om overtaking av tomt og bygningar i Sandgrupa på Matre	21
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
026/09	09/211	Søknad om salsløyve for Kvingo Nærkjøp AS	24
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
027/09	09/221	Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune	29
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
028/09	09/220	Årsrekneskap 2008 for Masfjorden kommune	33
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
029/09	06/371	Prosjekt idretts- og symjehall for Gulen og Masfjorden - fleirbrukshall	47
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
030/09	09/72	Søknad om lån/ tilskot frå Kraftfondet til kjøp av næringsbygg på Kvingo	60
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
031/09	08/827	Klage på vedtak i Kommunestyresak 103/2008	66
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
032/09	09/224	Årsmelding for kraftfondet 2008	70

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	020/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/251
-----------	---------------------

### SAK 020/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 26.02.2009 den dato vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-020/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 26.02.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	021/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/250
-----------	---------------------

### SAK 021/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	09/919	I	04.03.2009	KS	Vegleiar om Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehald
2	09/979	I	05.03.2009	Kommunal- og Regionaldepartement et	Rundskriv - Forvaltningsreforma - informasjon om lovendingar mm
3	09/1033	I	10.03.2009	Helsetilsynet	Tilsynsmelding 2008
4	09/1328	I	27.03.2009	Nordhordland kursregion for grunnskulen	Årsmelding 2008 for Nordhordland kursregion
5	09/1336	I	27.03.2009	leiar Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 27.03.09
6	09/1402	I	25.03.2009	Meland kommune	Årsrapport 2008 - Prosjekt Ungdomskontakten Salto - Knarvik senter

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### KS-021/09 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

**Tilleggsskriv delt ut i møtet:**

- Skriv 7) Hordaland fylkeskommune – brev motteke 06.4.09.  
Handlingsprogram 2010-2019 om det nye fylkesvegnettet – vidare prosess  
Ordførar orienterte.
- Skriv 8) KS – brev motteke 15.04.09:  
KS` arbeid med ny helsereform: Behov for ein kraftfull og likeverdig  
kommunehelseteneste.
- a) Orientering om overordna avtale med Helse Bergen/HDS, og krav til  
ressurs til samarbeidssekretariatet.
  - b) Orientering om studietur til Hallingdal sjukestugu der kommunalsjef Ørnulf  
Lillestøl og han sjølv var på vitjing i Ål kommune.
  - c) Behov for regional ressurs til arbeid med samhandlingsreforma.
- Skriv 9) Statens vegvesen – skriv motteke 15.04.09  
om Rv Leirvåg – Sløvåg ferjekaiar – ombyggingsarbeid.
- Skriv 10) Organisering av Regionrådet Nordhordland IKS (RNH) og Nordhordland  
Utviklingselskap (NUI)  
Ordførar orienterte om at representantskapsmøte skal haldast i morgon den  
17.04.09. Saka om ny organisering av regionrådet skal då handsamast.  
Karstein Totland og Marit Steinestø representerer Masfjorden kommune i  
representantskapet.

Kari Skår Sørheim spurde om dette vil koma attende til kommunestyret dersom  
Representantskapet går inn for dette. Det er ein spanande tanke at fleire  
politikarar enn ordførarane kan få møta i regionrådet.

Ordførar bekrefta at kommunestyret vil få dette attende til handsaming.

Liv Oda Dale sa seg samd i det Sørheim sa. Det må vera ein stor fordel at dei  
som møter frå kommunen i representantskapet kan få innspel med seg frå  
kommunestyret.

**Ytring frå leiar i eldrerådet som har tale og framleggsrett i kommunestyremøte:**

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli oppmoda kommunestyret om at servicebygget/garasjen som  
er planlagt bygt mellom sjukeheimen og omsorgsbustadane på Hosteland, ikkje måtte verta  
bygd pga av brannfare.

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	022/09	Beate Mæsel

Arkiv: N-010.1, N-104	Arkivsaknr.: 06/552
-----------------------	---------------------

### SAK 022/09 - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN KOMMUNE - RAPPORTERING TIL KOMMUNESTYRET APRIL 2009

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga frå pilotprosjektet til orientering.

#### Finansiering

Ingen kostnad

#### Heimel

#### Utskrift til:

#### KS-022/09 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre tar meldinga frå pilotprosjektet til orientering.

Kommunestyret bed om å få revidert budsjettframlegg for prosjektet til handsaming i samband med budsjettsaldering i mai.

#### Finansiering

Ingen kostnad

#### Heimel

#### Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
53	U	11.02.2009	May Wencke og Øyvind Lilletvedt	Bustadplanlegging
54	U	19.02.2009	Leila T. Andvik; Kari Skår Sørheim; Tore Helland; Vigdis Søvik; Frode Langhelle; Per Einar Langhelle (v); Laila S. Reknes (v); Siri Kratzmeier (v); Willy Borge (v); Terje Sætre (v); Wenke F. Ekren (v)	Innkalling til nytt møte i politisk styringsgruppe for pilotprosjektet. Torsdag 26.02.09 kl. 10.15 i kommunestyresalen
55	U	05.03.2009	Politisk styringsgruppe	Referat frå møte i den politiske styringsgruppa for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, torsdag 26.02.09 kl. 10.15, Nordbygda samfunnshus.
57	U	26.03.2009	Politisk styringsgruppe	Innkalling til møte i den politiske styringsgruppa for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, kommunestyresalen, torsdag 02.04.09 kl. 14.30
59	U	06.04.2009	Politisk styringsgruppe	Referat frå møte i den politiske styringsgruppa for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, torsdag 02.04.09, kommunestyresalen kl. 14.30.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden har vært i drift sidan hausten 2006. Det har vore stor aktivitet i prosjektet, som i stor grad har stått fram som eit komplekst prosjekt med ei offensiv satsing på ei rekke delprosjekt og fokusområde, for å stimulere til og sette i gang tiltak som kan bidra til å oppnå kommunen si målsetting om auke i folketallet.

Arbeidet i prosjektet har eit langsiktig perspektiv, der ein jobbar kontinuerleg for ei positiv og berekraftig utvikling av kommunen. Prosjektet har gjennomgåande vore forankra både hjå administrasjonen i kommunen og politisk ved at det er sett ned ei politisk styringsgruppe som kontinuerleg rapporterer til Masfjorden kommunestyre. Til kvart delprosjekt er det oppretta ei arbeidsgruppe som består av både politikare og av administrativt tilsette i kommunen.



## FAKTA

## VURDERING

Prosjektperioden går no mot slutten og ein ser at ei revidering av prosjektet som heile er påtrengande. Det har som nemnt vore stor aktivitet i prosjektet og av resultata ser ein at det vil vere naturleg at nokre av delprosjekta vert trekt inn i ordinær drift av kommunen. Samstundes er det særskilt viktig at ein i tida som kjem legg ekstra trykk i arbeidet med andre delprosjekt.

### Planarbeid

Den politiske styringsgruppa har i samråd med administrasjonen kome fram til at delprosjektet vert teke ut av pilotprosjektet og trekt inn i arbeidet med rullering av kommuneplanen og dermed inn i ordinær drift i kommunen. Det er viktig at tankar og idear som har kome fram i prosessane i pilotprosjektet blir ivaretatt i den kommande planprosessen. Sandnes er mellom anna i ein særskilt sårbar posisjon då det ikkje er tilstrekkeleg med bustadtomter og ein har møtt motstand frå Hordaland Fylkeskommune med ny reguleringsplan. (Fylkeskommunen krev arkeologiske utgravingar av store delar av Sandnes før ein får sett i gong tiltak). Med bakgrunn i dette tilrår rådmann at Sandnes får særskilt detaljert merksemd i kommuneplanen sin arealdel.

### Bustadbygging

Arbeidet med delprosjektet har, sia 2006, ført til ei auke i tilgang på regulerte bustadtomter fleire stader kommunen, som følge av planprosessane som har gått og som følge av aktivt og offensivt samarbeid mellom Masfjorden kommune, grunneigarar og utbyggjarar. Det har vore utarbeidd eigne brosjyrar for tomteområde og desse har og vore tilgjengelege på kommunen si heimeside. Vedlagt kart syner oversikt over tal regulerte tomter i perioden og lokalisering av desse tomte-områda:

- Haugsvær
- Tresdalshaugane
- Ytre Haugsdal
- Einestrand
- Sør Kvingo
- Duesundøy

Ein ser at det nå er mest hensiktsmessig at også dette delprosjektet går inn i ordinær drift av kommunen og at ein trekk veksling på det som kjem fram i det vidare arbeidet med pilotprosjektet. Gjennom ordinær drift har kommunen mellom anna fokus på å legge til rette for bygging av mindre bustadeiningar og utleigebustader i samarbeid med næringsliv og private aktørar.

### Ungdom og kultur

Arbeidet i delprosjektet ungdom og kultur har naturleg nok hatt kontinuerleg fokus i prosjektperioden. Delprosjektet har hatt ei målsetting om å arbeide for å skape aktivitet, trivsel og sosialt nettverk for barn og unge. Dette er heilt avgjerande og ein naturleg konsekvens av kommunen si målsetting om auke i folketalet. Aktivitet i perioden:

- Årlege møte med ungdom i romjula
- Kraftspela 2007, 2008 og 2009
- Ungdomsundersøking med spørjeskjema til ungdom frå Masfjorden Hausten 2006
- Utsending av nyheitsbrev til ungdomen med informasjon om kva som skjer i kommunen.

Det er naudsynt at ein også i tida som kjem held eit kontinuerleg trykk på arbeidet i delprosjektet, jamfør kommunen si overordna målsetting.

### Lokalsamfunn Matre

Delprosjektet var det fyrste av dei tre prosjekta innan lokalsamfunnsutvikling som vart sett i gang. Sidan 2006 har ein fått utarbeidd og vedteken ein ny reguleringsplan med bakgrunn i ein sær omfattande medverknadsprosess. Som utgangspunkt for prosessen har alt eksisterande bakgrunnsmateriale og tidlegare utarbeidd stadanalyse blitt oppsummert og tatt med i arbeidet. Det har og vore arrangert tema- folke- og samarbeidsmøte med ulike aktørar. Ein har i perioden fått utarbeidd ein konkret handlingsplan med små, mindre omfattande og omfattande tiltak. Det er mellom anna utarbeidd ein plan for eit stort leike- og aktivitetsareal rundt Matre skule og idrettsbana på Matre.

I 2008 har kommunen ved hjelp av ekstern konsulent fått utarbeidd ei skisse på ”Grøn næringspark, Matre” i sandgrupa, som er eit av dei største satsingsområda i delprosjektet i tida som kjem. Det er aktivitet for å få etablert eit veksthus på kommunen si tomt i sandgrupa og kommunen har oppretta kontakt med Gulen og Masfjorden utviklingselskap og med Mongstad næringshage.

Med bakgrunn i at delprosjektet er det prosjektet som har vore lengst i gang, er det sær viktig at ein legg full tyngde på prosjektet i 2009. Dette for å ferdigstille delprosjektet og det som kommunen er ansvarleg for. Samstundes er det viktig at relevant informasjon frå prosjektet blir teken med inn i arbeidet med rullering av kommuneplanen.

### Lokalsamfunnsutvikling Sandnes

Delprosjektet har store utfordringar grunna Sandnes si sårbare og lite berekraftige situasjon. Over tid har Sandnes mista mykje aktivitet og fleire arbeidsplassar. Dette har mellom anna ført med seg stor nedgang i barnetalet i skulekrinsen. Det har vore utfordringar knytt til arbeidet med å få ferdig ein reguleringsplan for området. Det er stort press og ynskje om bustadtomter og arbeidsgruppa har arbeidd for å sette interessentar og grunneigarar i kontakt med kvarandre. I prosjektperioden har ein ved hjelp av ekstern konsulent fått utarbeidd forslag til framtidig utforming av Sandnes. Prosessen fram mot dei endelige forslaga har, med inspirasjon frå prosessen på Matre, hatt stor fokus på medverknad frå innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, barn og unge etc. Det har og vore gjort forsøk på å få liv i eksisterande bustadmasse som i fleire tilfelle vert nytta til ferieformål. Dette har vist seg å vere sær vanskeleg då dagens eigarar av dei potensielle husa berre er interessert i å nytta husa sjølve.

Elles har det vært satsa sterkt på kulturelle tiltak som aktivitet i Kvamsdal fargereri, Nothuset og sommarscena. Det har og kome lys på den gamle fargeripipa. Dette er tiltak som er med på å understreke Sandnes sin sterke posisjon innan kultur i kommunen.

Arbeidsgruppa for delprosjektet har oppretta kontakt med Statens vegvesen med tanke på diverse utkjørsalar, miljøgate og andre trafikksikringstiltak.

Arbeidet i delprosjektet i 2009 bør ha fokus på utarbeiding av ein konkret handlingsplan for planuavhengige tiltak og på enklare tiltak som kan settas i gang. Arbeidet i delprosjektet bør vere aktivt med i rulleringen av kommuneplanen, der Sandnes bør ha spesiell merksemd.

### Lokalsamfunnsutvikling Hosteland

Hosteland og Nordbygda er den delen av kommunen som ligg nærast Sløvåg og Mongstad og det er naudsynt at kommunen posisjonerar seg for å dra nytte av utviklinga og arbeidsplassane i området. Det er viktig å leggje til rette for etablering og utvikling av service, tenestetilbod og tiltak som gir god livskvalitet for innbyggjarane.

I vår har det, ved hjelp av ekstern konsulent, vore gjennomført to folkemøte i delprosjektet. Kommunen har som på Matre og Sandnes hyra ein ekstern konsulent som skal komme med framlegg til framtidig utforming av Hosteland. Prosjektet har ikkje vore i gang så lenge og det er viktig at ein i tida som kjem arbeider med å finne klare satsingsområde og at ein på sikt får utarbeidd ein konkret handlingsplan for planuavhengige tiltak. Innspel frå delprosjektet vil verte med i arbeidet med rulleringen av kommuneplanen.

### Samferdsle

Samferdsle er eit særskilt viktig satsingsområde i kommunen, men ein ser at det er naudsynt med politisk tyngde og tunge tiltak passer nødvendigvis ikkje så godt inn i arbeidsforma med arbeidsgrupper som er praksis i pilotprosjektet. (Opprusting Austfjordvegen rv 570, bru over Masfjorden, bru over Hope Mjangersvågen, lys mellom tunnelane på Matre/Andåskrysset, lys på Hosteland etc).

Rådmann og den politiske styringsgruppa for prosjektet foreslår at pilotprosjektet overfører samferdsle til ordinær drift/ ordførar/ politisk verksemd (Unnateke mjukare trafikale utfordringar som av naturleg art passar inn i dei tre lokalsamfunnsutviklings- prosjekta).


### Næringsutvikling

Det var viktig å få engasjert næringslivet i Masfjorden som samarbeidspartar og aktørar i samfunnsutviklinga i kommunen og å støtte opp om og utvikle gode nettverk for det eksisterande næringslivet. Dette er oppnådd så langt i pilotprosjektet:

- Masfjorden Næringsforum vart stifta februar 2007
- Masfjorden Næringsforum er i god drift og inne i sin andre valperiode.
- Oppretting av eiga heimeside og epostadresse til MNF.
- Det er nedsett eit Samforum, eit møtefora mellom styret i MNF og ordførar og rådmann. Dette er eit fora der begge partar kan drøfte saker som er viktige både for Masfjorden kommune og for næringslivet i kommunen. Dette er til nytte for begge partar og møte kan finne stad så ofte det er behov for det.
- Masfjorden kommune og MNF har i samarbeid utvikla ei brosjyre over ledig næringsareal i kommunen.
- Masfjorden si fyrste næringspris, som er eit samarbeid mellom kommunen, MNF, Kraftfondet, Sparebanken vest og avisa Nordhordland, vart delt ut under Kraftspela 2008 til Karen M. Sleire.
- Det har blitt etablert ei mikrokredittgruppe i samarbeid med Nordhordland regionråd og Innovasjon Norge. Kvinnegruppa Hodl- jentene er i sers god drift, og ei ny mikrokredittgruppe er på trappene.
- Næringskartlegging hausten 2006/ våren 2007
- Det har vore satsa på å utvikle ein eigen portal for næringsliv på kommunen si heimeside.

- Satsing på kompetanseheving innan IKT (samarbeid mellom MNF, kommunen og Nordhordland Regionråd IKS).
- Spesiell fronting av Masfjorden næringsliv under Kraftspela 2007
- Coatching og inspirasjonsforedrag v/ Inger Karin Larsen

Ein har kome fram til at arbeidet i pilotprosjektet først og fremst bør ha ein støttefunksjon for næringsutvikling i kommunen, men at det som naturleg fell inn under ordinær drift av kommunen blir trekt inn her. Spesielt gjeld dette arbeidet kommunen gjer på næringsutvikling og landbruk, som nå har særskilt fokus på å tilrettelegge for næring og unge folk. Sjølv sagt skal kommunen gjera sitt beste for å hjelpe og støtte etablerarar og andre som treng vegleiing og hjelp frå kommunen innan næringsretta spørsmål. Kraftfondstyret er sentralt i dette arbeidet. Vidare er det ei rekke aktørar med god kompetanse på å støtte næringsutvikling i regionen. Desse bør i større grad verte engasjert for å støtte opp om næringslivet også i Masfjorden (MNF, GMU, Nordhordland Regionråd IKS, BRB etc.) Figuren på neste side syner næringsutvikling i skjæringspunktet mellom pilotprosjektet, ordinær kommunal drift og ulike andre aktørar:




Arbeidet med å utarbeide ein strategisk næringsplan blir tatt med i arbeidet med rullering av kommuneplanen.

### Økonomi og rammer for prosjektet

Det er avgjerande for framdrift av konkrete tiltak at kvart delprosjekt får klare økonomiske rammer å halde seg til. Dette er nødvendig om en skal få til noe konkret i landskapet og ikkje berre på papiret. Dette hastar spesielt med tanke på Matre, der konkrete tiltak er ferdig til å settast i verk og handlingsplanen er klar.

### Oppsummert:

Det presenterte framlegget til revidering av arbeidet og fokusområde i pilotprosjektet vert oppsummert i figuren under som syner kva for delprosjekt som bør ha fokus i tida som kjem:



## KONKLUSJON

Av dagens situasjon og status i prosjektet er det naudsynt å revidere kva for fokus og satsingsområde ein bør ha i arbeidet med pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	020/09	Alf Strand
Kommunestyret	16.04.2009	023/09	Alf Strand

Arkiv: N-210	Arkivsaknr.: 08/185
--------------	---------------------

### SAK 023/09 - RULLERING AV KOMPETANSEUTVIKLINGSPLAN FOR SKULANE I MASFJORDEN FOR 2008 - 2011

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2009-2010 vert vedteken slik han ligg føre.

#### **Finansiering**

Det må gjerast årlege budsjettvedtak om midlar til vidareutdanning/etterutdanning for lærarane

#### **Heimel**

#### **Utskrift til:**

Fylkesmannen  
Skulane  
Utdanningsforbundet Masfjorden

### **FS-020/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2009-2010 vert vedteken slik han ligg føre.

#### **Finansiering**

Det må gjerast årlege budsjettvedtak om midlar til vidareutdanning/etterutdanning for lærarane.

#### **Heimel**

#### **Utskrift til:**

Fylkesmannen  
Skulane  
Utdanningsforbundet Masfjorden

**Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:**

Rådgjevar Alf Strand orienterte om planen.

På s. 2 i planen under avsnittet som viser kva fag det trengs etterutdanning i skal deg og stå: Spesialundervisning.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-023/09 VEDTAK:**

**Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2009-2010 vert vedteken slik han ligg føre.**

**Finansiering**

Det må gjerast årlege budsjettvedtak om midlar til vidareutdanning/etterutdanning for lærarane.

**Heimel****Utskrift til:**

Fylkesmannen

Skulane

Utdanningsforbundet Masfjorden

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	21.01.2008	Utdanningsdirektoratet	Kompetanse for utvikling strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005 -2008
4	U	30.04.2008	Matre skule; Sandnes skule; Nordbygda skule; Fylkesmannen i Hordaland	Melding om vedtak: Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for 2008 - 2011
5	I	15.07.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Tildeling av midlar - strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005 - 2008
8	I	03.12.2008	Kunnskapsdepartementet	Statlege midlar til etter- og vidareutdanning i 2009
6	I	30.01.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Statlege midlar til kompetanseutvikling i grunnopplæringa
9	I	04.03.2009	Utdanningsdirektoratet	Informasjon om tildeling av midlar til vidareutdanning 2009
11	I	20.03.2009	Utdanningsdirektoratet	Informasjon om tildeling av midlar til etterutdanning i 2009

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok i møte 2008, sak Kompetanseutviklingsplan for skulane i Masfjorden for perioden 2008-2011. Planen må no rullerast og reviderast sidan det er lagt opp til ei endring i tildeling og bruk av kompetansemidlane frå statlege styresmakter.

### FAKTA

Den statlege satsinga på kompetanseutvikling for personalet i grunnskulen er endra frå og med 2009. Endringa går fram av dei tre sentrale dokumenta: Kompetanse for kvalitet, Statlege midlar til etter- og vidareutdanning i 2009 og Informasjon om tildeling av midlar til vidareutdanning i 2009.

#### Vidareutdanning

Kompetanse for kvalitet er ein strategi der det vert lagt opp til eit varig system for vidareutdanning av lærarar og der ein planlegg vidareutdanning ut frå kva behov den einskilde lærar har og kva behov skulen, skuleeigar og nasjonale styresmakter har.

Strategien er underskriven av kunnskapsministeren, leiaren i KS og leiarane for lærarorganisasjonane.

Strategien fører med seg at det skal satsast meir på kompetansegejevande vidareutdanning og mindre på etterutdanning i form av kortare eller lengre kurs. Frå og med 2009 vil me sjå ei vridning av dei statlege midlane frå etterutdanning over til vidareutdanning.

Lærarane skal få bruka arbeidstid på vidareutdanning.



Dette skjer ved at staten yter tilskot på 40 % av vikarutgiftene til ein lærar som tek vidareutdanning. Skuleeigar, i vårt tilfelle kommunen, skal òg dekkja 40 % medan dei siste 20 % skal dekkast av læraren sjølv. Som regel vil det skje ved at læraren arbeider i 20 % av stillinga si.

Vidareutdanninga skal i fyrste rekke målrettast mot fagområde og emne som det på landsbasis er særleg viktig å styrka. Deltakarane vil kunne ta vidareutdanning i eit omfang på inntil 60 studiepoeng i det enkelte fag eller område. Det kan dessutan brukast midlar til fag det er nødvendig å styrka ut frå lokale behov.

Desse faga om områda vert prioritert frå sentralt hald i perioden 2009-2012:

Norsk, matematikk og engelsk på ungdomssteget

Leseopplæring på barnesteget

Andre fag ut frå lokale behov

Til vidareutdanning har Fylkesmannen i Hordaland fått kr 8168000 til fordeling i 2009. Det tilsvarar 145 studieplassar. Kommunen sender prioritert søknad til fylkesmannen innan 1. mai. Søknaden vil gjelda både studieplassar og midlar til å dekkja vikarutgifter.

Desse studieplassane har eit omfang på 30 studiepoeng og går over to semester. Talet på studieplassar og talet på kommunar i Hordaland tilseier at kommunar av vår storleik truleg ikkje vil få meir enn 1-2 studieplassar årleg. Staten dekkar vikarutgifter på kr 50000 pr studieplass for hausten 2009.

### Etterutdanning

I 2009 er det sett av kr 170 mill til etterutdanning for lærarar. Det vil verta mindre midlar til etterutdanning og meir til vidareutdanning i åra framover.

Også innan etterutdanning har staten gjort sine prioriteringar: leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering og IKT-kompetanse er prioritert. Kommunen må tilpassa sin plan til dei nasjonale føringane.

Innan etterutdanning vil lærarane i Masfjorden også i 2009 gjera seg nytte av tilboda frå Nordhordland kursregion.

## VURDERING

Meir satsing på vidareutdanning vil vera ei god ordning for dei lærarane som vel å gjera seg nytte av det. Staten legg mykje pengar i den nye strategien og høgskular/universitet legg seg i selen for å laga gode studietilbod. Men meir pengar til vidareutdanning fører til mindre til etterutdanning, noko som gjer at det blir færre lærarar som får gjera seg nytte av dei statlege midlane kvart år. Det er då viktig med ei streng prioritering på kommunalt plan. Den vedlagde planen byggjer på behova på skulane i tillegg til at me held oss til dei faga det blir satsa på frå sentralt hald.

Eit anna viktig punkt er tilgangen på vikarar. Det er for tida svært få søkjarar til ledige lærarstillingar utanfor sentrale strøk. Det kan verta vanskeleg for Masfjorden å få vikarar med lærarutdanning til å gå inn i stillinga til dei som har fått permisjon for å ta vidareutdanning. I planen har ein teke høgde for dette.

## KONKLUSJON

Kompetanseutviklingsplanen for perioden 2009-2010 vert vedteken slik han ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	021/09	Alf Strand
Kommunestyret	16.04.2009	024/09	Alf Strand

Arkiv: N-255	Arkivsaknr.: 08/802
--------------	---------------------

### SAK 024/09 - BJØRN WEST MUSEET - VAL AV NY STYREMEDLEM

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som ny medlem i styret for Bjørn West-museet vert vald Bjørn Egil Nordland. Valnemnda kjem med framlegg til ny varamedlem til kommunestyremøtet 16. april

#### Heimel

Vedtekter for Stiftinga Bjørn West museet:  
Kommunestyret vel eitt medlem og varamedlem

#### Utskrift til:

Dei valde

### FS-021/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Som ny medlem i styret for Bjørn West-museet vert vald Bjørn Egil Nordland. Valnemnda kjem med framlegg til ny varamedlem til kommunestyremøtet 16. april.

#### Heimel

Vedtekter for Stiftinga Bjørn West museet:  
Kommunestyret vel eitt medlem og varamedlem

#### Utskrift til:

Dei valde

### Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:

Ordførar orienterte om at Kultur- og ressursutvalet frå fylkeskommunen kjem på vitjing til Masfjorden den 5. mai. Dei skal då på busstur rundt om i heile kommunen.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-024/09 VEDTAK:**

**Som ny medlem i styret for Bjørn West-museet vert vald Bjørn Egil Nordland.  
Ny varamedlem vert Ivar Haukeland.**

**Heimel**

Vedtekter for Stiftinga Bjørn West museet:  
Kommunestyret vel eitt medlem og varamedlem

**Utskrift til:**

Dei valde

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Valnemnda v/Laila S. Reknes gjorde framlegg på Ivar Haukeland som ny varamedlem til styret.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:****SAKSUTGREIING**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	24.10.2008	Bjørn West-museet v/Alf Solheim	Kommunal overtaking av Bjørn West-museet og endring av stiftinga
3	I	17.11.2008	Bjørn West museet v/Alf Solheim	Innkalling til styremøte i stiftinga Bjørn West museet 3.12.08
4	U	22.12.2008	Fleire mottakarar	BJØRN WEST-MUSEET - KOMMUNAL OVERTAKING - melding om vedtak
5	I	22.12.2008	Alf Solheim	Referat frå styremøte i Bjørn West museet den 03.12.2008
6	U	27.02.2009	Hordaland fylkeskommune	Søknad om tilskot til ålmenne kulturtiltak
7	U	27.02.2009	Norsk kulturråd	Søknad om tilskot til kulturvern
8	U	10.03.2009	Gulen kommune; Modalen kommune; Osterøy kommune; Lindås kommune; Hordalan fylkeskommune	Bjørn West-museet - framtidig organisering

## BAKGRUNN/ FAKTA

I samband med at styret i Bjørn West-museet søkte om kommunal overtaking av museet, har også Alf Solheim bede om fritak for styrevervet. Styret har akseptert søknaden. Alf Solheim er Masfjorden kommune sin representant i styret.

Vararepresentant for Masfjorden kommune frå 2007 har vore Bjørn Egil Nordland.

## VURDERING/KONKLUSJON

Når kommunen sin styrerepresentant trekkjer seg, er det naturleg at varamedlemen rykkjer opp som fast representant. Som varamedlem er Bjørn Egil Nordland orientert om dei sakene styret har arbeidd med i denne valbolken og kan såleis utan større vanskar gå inn som ny styremedlem. Valnemnda blir beden om å komma med framlegg til ny varamedlem til kommunestyremøtet 16. april.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	19.03.2009	017/09	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	16.04.2009	025/09	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-130, N-139	Arkivsaknr.: 08/832
---------------------	---------------------

### SAK 025/09 - EINEKAVANE A/S - SØKNAD OM OVERTAKING AV TOMT OG BYGNINGAR I SANDGRUPA PÅ MATRE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar med Einekavane AS om sal av dei omsøkte eigedomane på Matre i samsvar med takst.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til:

Einokavane AS, 5984 Matredal

#### **FS-017/09 VEDTAK:**

Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar med Einekavane AS om sal av dei omsøkte eigedomane på Matre i samsvar med takst.

#### Det skjedde i Formannskapet den 19.03.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS-025/09 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner sal av dei omsøkte eigedomane på Matre til Einekavane AS til ein pris av 1,8 mill. kroner.

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at ho har fullført forhandlingar med Einekavane AS og at dei er blitt samde om at Einekavane får kjøpa dei omsøkte eigedomane til ein pris av 1,8 mill kroner.

**Rådmannen sette fram nytt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner sal av dei omsøkte eigedomane på Matre til Einekavane AS til ein pris av 1,8 mill. kroner.

**Kari Skår Sørheim, KrF**, sa at det er så bra det ein har fått til på Einekavane. Det er positivt at dei får kjøpa desse eigedomane.

**Willy Borge, Frp**, sa seg samd med Kari. Det er bra at Einekavane As no har blitt herre i eige hus.

**Frode Langhelle, H**, spurde om tomtane er med som ein del av prisen.

Rådmannen svara at det var dei.

**Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.****SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	28.10.2008	Bjørn Rune Kvinge	Verditakst gnr 49/51 Matredal
1	I	03.11.2008	Einakavane AS v/Øyvind Kristoffersen	Søknad om overtaking av tomt og bygningar i Sandgrupa
2	U	17.11.2008	Einakavane AS v/Øyvind Kristoffersen	Søknad om overtaking av tomt og bygningar i Sandgrupa
3	I	19.11.2008	Bjørn Rune Kvinge	Verditakst Plattået gnr 52/11

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Det ligg føre søknad frå Einekavane AS om å få kjøpa dei lokala som verksemda no leigar hjå kommunen. Rådmannen har etter dette bestilt takst på bygningane.

**HØYRING/UTTALE**

Ikkje aktuelt

## FAKTA

Einekavane AS leigar no to bygg hjå kommunen. Det eine er servicebygget der verksemda har kontor, matproduksjon og inneaktivitetar. Dette ligg ved Bjørn-West-museet, og utearealet er tilrettelagt for tilkomst og parkering både for Einekavane AS, museet og omsorgsbustadene. Det andre er eit bygg på det øvste nivået i sandgrupa, med lokale for vaskeri, vedproduksjon m v. I tillegg nyttar verksemda no areal på plataet under til vedproduksjon.

Taksten på dei to bygga er:

Sevicebygget :	Teknisk verdi <b>2,7 mill kr</b>	Stipulert marknadsverdi <b>1,5 mill kr</b>
Verkstadbygget:	Teknisk verdi <b>1,3 mill kr</b>	Stipulert marknadsverdi <b>0,4 mill kr</b>

## VURDERING

Einekavane AS betalar no ei husleige til kommunen på kr. 200 000 pr. år. Samstundes har bedrifta sjølv lagt ned mykje arbeid og hatt utgifter for å gjera servicebygget tenleg til si drift. Bygget i Sandgrupa har dei i stor grad bygd og utvikla sjølv, men kommunen har prioritert midlar frå Kraftfondet til utbygginga.

Rådmannen forstår godt at Einekavane AS ynskjer å eiga bygga, og dermed ha full fridom til å tilpassa desse bygga si drift. Det vil gje bedrifta handlefridom og også gjera at bedrifta byggjer opp eigne verdiar gjennom nedbetaling av bygningane i staden for husleige. Kommunen har mange bygg å ta vare på. Rådmannen meiner derfor at kommunen kan selja desse bygga til Einekavane AS. Spørsmålet er til kva pris og kor store tomtar som skal følgja eigedommane.

Rådmannen meiner at den taksten som ligg føre er nøktern. Kommunen bør følgja den stipulerte marknadsverdien, og tilby eigedommane for denne prisen. Dersom ein ser dette i høve til husleiga dei no har, vil verksemda i løpet av ein tiårsperiode kunna nedbetala bygningane. Dette vil vera ein fordel for bedrifta. Men kommunen må sikra allmenne interesser og tilkomst til omsorgsbustadene og Bjørn-West-museet ved frådeling. Vidare vil rådmannen tilrå at kommunen i første omgang avgrensar området ein sel i sandgrupa til det øvre plataet, då det andre området kan bli endra i samband med opprusting i sandgrupa.

Gjennom satsinga på Einekavane AS har kommunen medverka til å etablera ordinære arbeidsplassar, å gje eit godt VTA\_tilbod og eit velferds- og aktivitetstilbod for ulike brukargrupper. Rådmannen meiner at dei midlane ein eventuelt får inn ved sal av eigedomane må øyremerkast til vidare næringsutvikling på Matre, vi tenkjer då særleg på tilrettelegging av sandgrupa som Grøn næringspark- Matre.

## KONKLUSJON

Framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å gå i forhandlingar med Einekavane AS om sal av dei omsøkte eigedomane på Matre i samsvar med takst.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	022/09	Frode Vee-Haugen
Kommunestyret	16.04.2009	026/09	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-606	Arkivsaknr.: 09/211
--------------	---------------------

### SAK 026/09 - SØKNAD OM SALSØYVE FOR Kvingo NÆRKJØP AS

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Salsøyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:  
Øyvind og Wenke Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes  
Øyvind Ekren, 5981 Masfjordnes (avløyser)
3. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
4. Løyveperioden gjeld frå og med 30.04.09 til og med 31.03.12 jfr. alkohollova § 1-7.

#### Heimel

Alkohollova med forskrifter.

#### Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl Taule		5936	MANGER
Kariann Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES
Lensmannen i Masfjorden		5986	HOSTELAND
NAV Masfjorden - Sosialtenesta		5986	HOSTELAND
Rune Lindnes		5957	MYKING
Skatteoppkrevjaren		5981	MASFJORDNES
Tor H. Berland	Hardangerveien 536	5700	VOSS
Øyvind og Wenke Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES



**KS-026/09 VEDTAK:**

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:  
Øyvind og Wenke Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes  
Øyvind Ekren, 5981 Masfjordnes (avløyser)
3. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
4. Løyveperioden gjeld frå og med 30.04.09 til og med 31.03.12 jfr. alkohollova § 1-7.

**Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

**Utskrift vert sendt:**

Berit H. Kongestøl Taule		5936	MANGER
Kariann Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES
Lensmannen i Masfjorden		5986	HOSTELAND
NAV Masfjorden - Sosialtenesta		5986	HOSTELAND
Rune Lindnes		5957	MYKING
Skatteoppkrevjaren		5981	MASFJORDNES
Tor H. Berland	Hardangerveien 536	5700	VOSS
Øyvind og Wenke Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Wenke Ekren sa seg ugild i den saka sidan ho er medeigar i firmaet.  
Dette vart samrøystes vedteke. Ho forlet no møtet.

Dina Dyrhovden sa seg ugild i denne saka sidan ho som representant for NAV har gjeve uttale i saka.

Dina vart samrøystes kjent ugild og ho forlet no møtet.

Det var no 15 representantar i møtet.

Kari Skår Sørheim ba om det vert røysta punktvis over framlegg til vedtak.

**Røysting:**

Pkt 1. vart vedteke med 13 mot 2 røyster. (KrF)

Pkt 2 – 4 vart samrøystes vedteke.

**FS-022/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:  
Øyvind og Wenke Ekren, 5981 Masfjordnes - Kvingo Nærkjøp AS
2. Som styrar og avløyser vert desse godkjend:  
Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes  
Øyvind Ekren, 5981 Masfjordnes (avløyser)
3. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.
4. Løyveperioden gjeld frå og med 30.04.09 til og med 31.03.12 jfr. alkohollova § 1-7.

**Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

**Utskrift vert sendt:**

Berit H. Kongestøl Taule		5936	MANGER
Kariann Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES
Lensmannen i Masfjorden		5986	HOSTELAND
NAV Masfjorden - Sosialtenesta		5986	HOSTELAND
Rune Lindnes		5957	MYKING
Skatteoppkrevjaren		5981	MASFJORDNES
Tor H. Berland	Hardangerveien 536	5700	VOSS
Øyvind og Wenke Ekren	Nord-Kvingo	5981	MASFJORDNES

**Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:**

Ordførar orienterte om at dato for løyveperioden i pkt 4 i framlegget skal rettast til 30.04.09.

Saka vart drøfta.

**Kari Skår Sørheim, KrF**, ba om at pkt 1 vart røysta for seg då KrF vil røysta imot dette punktet.

**Røysting:**

**Pkt 1 vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst. (KrF)**

**Pkt 2 – 4 vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.03.2009	Kariann Ekren	Søknad om salsløyve
2	U	23.03.2009	Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjaren; NAV Masfjorden - Sosialtenesta	Uttale til søknad om salsløyve for Kvingo Nærkjøp AS
4	I	27.03.2009	NAV Sosialtenesta v/Dina Dyrhovden	Uttale til søknad om salsløyve for Kvingo Nærkjøp AS
5	I	27.03.2009	Politiet v/Ivar Holmaas	Uttale til søknad om salsløyve for Kvingo Nærkjøp AS

**Vedlagt:** Alkoholpolitisk handlingsplan revidert 22.04.2008.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kvinge Nærkjøp AS v/Øyvind og Wenke Ekren, 5981 Masfjordnes søker om salsløyve ut løyveperioden.

Eksisterande løyveperiode for alle salsstader gjeld fram til 31.03.08.

### UTTALE

Skatteoppkrevjaren har opplyst at ho ikkje har merknader til søkaren, styrar og avløysar, og har levert godkjend skatteattest for dei aktuelle personane.

Lensmannen har i brev datert 27.03.09 gjeve slik uttale:

”Lensmannen har ingen merknader til søknaden. Lensmannen har heller ingen merknader til styrar eller avløysar.”

Sosialtenesta har i brev datert 25.03.09 gjeve slik uttale:

”Masfjorden sosialteneste kan, utifrå sosiale og helsemessige tilhøve, ikkje tilrå at Kvingo Nærkjøp AS får tildelt salsløyve.

Målsetjinga i alkoholpolitisk handlingsplan vedtatt 15.02.96, sist revidert 13.05.04 er:  
*”å avgrensa skader som alkoholforbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune og redusera alkoholforbruken i tråd med nasjonal målsetjing”.*

Etter lettare tilgjenge av alkohol i daglegvarebutikkane dess lettare vert det å få tak i det. Dette kan igjen føra til fleire problem for familiar og større vanskar for barn og unge. For unge ungdomar kan det og føra til større alkoholproblem blant denne aldersgruppa.”

## FAKTA

Det er Øyvind og Wenke Ekren som har aksjemajoriteten i Kvingo Nærkjøp AS og som eig selskapet i fellesskap. Dei må da stå oppført som eventuelle løyvehavarar jf. alkohollova § 1-4b.

Søknaden gjeld alle dagar med unntak for søndag frå kl. 10.00 – 20.00 og kl. 18.00 dagar før helgedagar.

Alle eksisterande salsløyve gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1. Dette er i samsvar med gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan pkt 4.1.

Styrar og avløyssarar har dokumentert kunnskap om alkohollova ved at dei har stått i kunnskapsprøven som Masfjorden kommune har halde, jfr. alkohollova §1-7c, 3. ledd.

Driftskonseptet til selskapet er i følgje vedtektene til selskapet; kjøp og sal av handelsvarer med hovudvekt på nærings- og nytelsesmidler, medvirke i andre selskap innan same verksemd, samt alt som høyrer naturleg til dette.

Dei reknar med å ha 2 årsverkt frodelt på 2 – 5 tilsette.

## VURDERING

Erfaringane så langt med eksisterande løyver har vore tilfredsstillande. Det vert såleis lagt til grunn at reglane i alkohollova bl.a. når det gjeld sal til mindreårige vert følgt også ved dette salsløyvet.

Salstidene for alle salsløyva er følgt så langt rådmannen har kjennskap til.

Løyvehavar og styrar har dokumentert tilfredsstillande kunnskap om alkohollova etter det nye og strengare dokumentasjonskravet i nemnte lov.

Det ligg ikkje føre ny informasjon eller opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort i frå tidlegare praksis med å gje salsløyve til nye søkarar ut 4 års-perioden, jf. alkoholpolitisk handlingsplan sist revidert av kommunestyret den 22.04.2008.

Søkarane har ført opp avløyssar i sin søknad og rådmannen ser på dette som ein styrke.

## KONKLUSJON

Det vert gjeve salsløyve for alkohol gruppe 1 for Kvinge Nærkjøp AS v/Øyvind og Wenke Ekren

Løyveperioden gjeld ut inneverande 4-års periode. Salstida vert kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar kl 09.00 - 18.00.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	023/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	16.04.2009	027/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 09/221
--------------	---------------------

### SAK 027/09 - ÅRSMELDING 2008 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

#### Finansiering

##### Heimel

Økonomireglementet, Kommunelova

##### Utskrift til:

Nordhordland Revisjon IKS, Postboks 16, 5902 Isdalstø  
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen  
Årsmeldinga vert sendt ut til alle husstandar i kommunen

### FS-023/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

#### Finansiering

##### Heimel

Økonomireglementet, Kommunelova

##### Utskrift til:

Nordhordland Revisjon IKS, Postboks 16, 5902 Isdalstø  
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen  
Årsmeldinga vert sendt ut til alle husstandar i kommunen

**Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:**

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen møtte i denne saka.

Kari Skår Sørheim sa at årsmeldinga er eit bra og informativt dokument og oversiktleg sett opp.

Ho syntte til s. 9 i årsmeldinga under avsnittet om arbeidsmiljø der det sto om dei tilsette i kommunen som gjev uttrykk for at arbeidsmiljøet er godt. Dette er positiv lesnad.

Rådmannen orienterte om ymse arbeidsmiljøtiltak som velferdsmidlar med kr. 1000 pr tilsett, personalfest for alle tilsette og medarbeidarundersøkingar som har vore gjennomført kvart år dei siste åra.

**Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune vart samrøystes teke til vitring.**

**KS-027/09 VEDTAK:**

**Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.**

**Finansiering****Heimel**

Økonomireglementet, Kommunelova

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Ordførar gjekk gjennom årsmeldinga.

Fleire tok til ordet for at det var ei oversiktleg og flott årsmelding.

**Liv Oda Dale, AP**, gjorde merksam på at det mangla eit avsnitt under viltforvaltning om viltfagrådet.

Det burde og vore med eit avsnitt om likestilling som kontrollutvalet har etterlyst.

Rådmannen sa at kommunen har sendt ei eiga årsmelding til likestillingsombodet, men at det bør vera ein forkorta versjon som skal inn i Masfjorden kommune si årsmelding.

**Årsmelding 2008 vart samrøystes teke til vitring.**

## SAKSTILFANG:

Årsmeldinga – vedlegg som eige publikasjon

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Årsmeldinga er m.a. heimla i Kommuneleva og i kommunen sitt økonomireglement.

**Kommuneleva § 4. Informasjon om kommunens og fylkeskommunens virksomhet.**

Kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning.

Økonomireglementet

- Årsmeldinga skal oversendast revisjonen innan 15. mars året etter
- Rådmannen har ansvar for å legge fram årsmeldinga til politisk handsaming, saman med årsrekneskapen, innan 30.juni året etter.

### FAKTA

**Utdrag frå kommunen sitt økonomireglement.**

#### 10.5 Krav til årsmeldinga

- **Sitat GKRS:**  
*”Årsberetningen er en redegjørelse for virksomheten gjennom et år utarbeidet av administrasjonssjefen. I denne beretningen skal det tas inn opplysninger som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske resultat og stilling, samt andre forhold av vesentlig betydning for kommunen”.*
- Fokus skal rettast mot å gje overordna informasjonen
- Tilhøve som har verknad på framtidig økonomiplanarbeid, vert særleg kommentert
- Rekneskapsresultat, netto driftsresultat, likviditet, gjeldsgrad, soliditet, inntektsutvikling, grad av eigenfinansiering m.m. og utvikling av desse parametrane, vert kommentert.
- Vesentlege endringar i føresetnader for måloppnåing (eksterne som interne) skal kommenterast
- Årsmeldinga skal i form og innhald bidra til at kommunestyret kan vurderer om måla som vart sett for drifta, har vorte nådd i driftsåret
- Årsmeldinga skal i form og innhald bidra til at kommunestyret kan vurderer om dei økonomiske rammene som vart sett for drifta, vart haldne i driftsåret
- Årsmeldinga skal også vise kva som har vore sentrale utviklingstrekk i tenestetilbodet og personalsituasjonen, her under utviklingstrekk i rettssaker, interkommunalt samarbeid, verksemda sitt sjukefråvær m.m.
- Årsmeldinga skal etter forskriftene omtala likestilling i kommunen

- Årsmeldinga skal vera klar, poengtert og så kortfatta som mogleg (gjeld all kommunal rapportering).  
Der det er føremålstenleg, vert det nytta diagram for å presentera sentrale resultat og utviklingstrekk  
Det skal vera samanheng mellom årsrekneskap og årsmelding.  
Der det er mogleg, skal ein unngå bruk av interne faguttrykk.  
Framstillinga skal vera balansert og objektiv.  
Positive og negative avvik skal handsamast på same måte.

## VURDERING

Årsmeldinga vert lagt fram med siktemål å stette innhaldskrav gitt i eige økonomireglement og § 4 i kommunelova.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at Årsmelding 2008 for Masfjorden kommune vert teken til vitring slik den ligg føre.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	024/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	16.04.2009	028/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaksnr. 09/220
--------------	---------------------

### SAK 028/09 - ÅRSREKNESKAP 2008 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Årsrekneskapen 2008 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.507.900,49.
- 2) Årsoverskot 2008 vert nytta til;
  - a) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 Solheim kyrkje (når ein held lånetilsegn med 860.000 utanom) med kr. 145.630,39
  - b) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 kommunale vegar med kr. 462.728,74
  - c) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 brannbil med kr. 281.285,09
  - d) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 formidlingslån med kr. 117.400
  - e) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
  - f) overskot Sandnes skule, netto 1B skule med kr. 232.255 vert avsett til disposisjonsfond drift
  - g) Restsum (kr. 43.601,27) vert avsett til kapitalfond – investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

#### Heimel

Kommunelova m/føresegner

#### Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland  
Nordhordland Revisjonsdistrikt  
Alle kommunale driftseiningar  
Bankar og andre samarbeidspartnarar

**KS-028/09 VEDTAK:**

- 1) Årsrekneskapen 2008 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.507.900,49.
- 2) Årsoverskot 2008 vert nytta til;
  - a) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 Solheim kyrkje (når ein held lånetilsegn med 860.000 utanom) med kr. 145.630,39
  - b) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 kommunale vegar med kr. 462.728,74
  - c) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 brannbil med kr. 281.285,09
  - d) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 formidlingslån med kr. 117.400
  - e) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
  - f) overskot Sandnes skule, netto 1B skule med kr. 232.255 vert avsett til disposisjonsfond drift
  - g) Restsum (kr. 43.601,27) vert avsett til kapitalfond – investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

**Heimel**

Kommunelova m/føresegner

**Utskrift til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Nordhordland Revisjonsdistrikt  
Alle kommunale driftseiningar  
Bankar og andre samarbeidspartnarar

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik var tilstades under handsaming av denne saka.

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

**Bjørn Egil Nordland, Ap**, stilte spørsmål til oversikten over skular. Ein skule hadde fått uforutsette inntekter på ½ mill. Han spurde korleis dette kan gå an?

Det må ikkje vera slik at nokon lagar eit realistisk budsjett, medan andre budsjetterer rikeleg for få behalda eit ev. overskot.

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at ekstraordinære inntekter som ikkje var budsjettert med er årsak til at Sandnes skule har fått så stort overskot. (inntektene er refusjon frå andre kommunar i høve fosterbarn i skulen)

**Per Einar Langhelle, V**, påpeikte at det kunne vera tilhøve som skulen ikkje hadde styring å som skapte overskot/underskot, t.d. sjukefråvær.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er motiverande for avdelingane når dei får behalda eit overskot. Rådmannen må fylgja godt med i driftsutfordringane slik at det ikkje utviklar seg økonomiske skeivheiter mellom avdelingane.

**Frode Langhelle, H**, sa at det viktigaste er at kvaliteten i skulen er god og at elevane får den lærarressursen dei har krav på.

Det vart røysta punktvis over framlegg til vedtak.

### **Røysting:**

Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Pkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**Årsrekneskap 2008 for Masfjorden kommune er dermed samrøystes vedteken.**

**FS-024/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

- 1) Årsrekneskapen 2008 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.507.900,49.
- 2) Årsoverskot 2008 vert nytta til;
  - a) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 Solheim kyrkje. (når ein held lånetilsegn med 860.000 utanom) med kr. 145.630,39
  - b) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 kommunale vegar med kr. 462.728,74.
  - c) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 brannbil med kr. 281.285,09.
  - d) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.08 formidlingslån med kr. 117.400.
  - e) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000.
  - f) overskot Sandnes skule, netto 1B skule med kr. 232.255 vert avsett til disposisjonsfond drift.
  - g) Restsum (kr. 43.601,27) vert avsett til kapitalfond – investeringsfond (balansekonto 2.5300.000).

**Heimel**

Kommunelova m/føresegner

**Utskrift til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Nordhordland Revisjonsdistrikt  
Alle kommunale driftseiningar  
Bankar og andre samarbeidspartnarar

**Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:**

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk orienterte om rekneskapen.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	19.03.2009	Nordhordland Revisjon IKS	Uttale fra ledelsen - kommunens regnskap for 2008
1	I	23.03.2009	Nordhordland Revisjon IKS	Revisjonsmelding og revisjonsrapport for årsregnskap 2008 for Masfjorden kommune
3	I	30.03.2009	leiar Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå sak 17/09 Regnskap og årsmelding for Masfjorden kommune

## SAKSTILFANG:

- Teknisk avstemming av samanhengar i rekneskapen
- KOSTRA (basert på rekneskapsstal pr. 16.februar 2009, publisert 16.3.09)

## SAKSVEDLEGG:

### Rekneskapshefte 2008;

- detaljregnskap investering, drift og balanse
- hovudoversikta & note til rekneskapen
- økonomisk analyse
- Revisjonsmeldinga til kommunerekneskapen

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Administrasjonen legg fram rekneskapen for 2008 overfor kontrollutval, formannskap og kommunestyret jf. § 10 i føreskrift for kommunale rekneskap.


### FAKTA

Viser til sjølv rekneskapsdokumentet (off. rekneskap for 2008) og spesielt analysedelen med fokus på hovudpunkt i 2008 rekneskapen.

Inn med KOSTRA diagram jf. side 26 i rekneskapshefte 2007

Sandnes skule søker i skriv av 29.12.2008 om å få overført overskot på budsjettet for 2008. ”Det ser ut til at Sandnes skule kan gå med eit rimeleg bra overskot i 2008. Mykje av dette skuldast at vi har fått større inntekter enn budsjettet. Rektor søker om å få overført overskotet til 2009”.

skule	Avvik
Sandnes	562 402
Sandnes SFO	37 348
lokale Sandnes	-84 040
skyss Sandnes	189 991
Summert	<u>705 701</u>



### Nokre utfyllende forhold kring investeringsrekneskapen

#### *Breiband til alle i Hordaland 2007*

## SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

**Prosjektnamn:** Arbeidspakke Nordhordland – **denne delen gjeld Masfjorden kommune**.

Tilsegningsnr. : BA01/07 \_\_\_\_\_ Tilskot inntil kr 490.000,- \_\_\_\_\_

Vår ref. \_\_\_\_\_ 200604627-26/143/MTOR

---

**SLUTTREKNESKAP:**

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).

Budsjett:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
02001-1200-12006	857 275	980.000	Hordaland fylkeskommune		205 000
04290-1200-12006	214 319		HØYKOM		285 000
			Masfjorden kommune		490 000
			HFK, RUP 2007		
Summering:	1 071 594	980.000			980.000

Godkjent av prosjektleiar:

27.02.09  
dato

*Svein Håge Hoffmeyer*  
signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg:

\_\_\_\_\_  
dato\_\_\_\_\_  
signatur og stempel**ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100.000,-.**

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsagnsytar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/prosjektrekneskap.

*Rekneskap kr 1071.594 inkl. mva kr 214.319.*

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor:


28.02.09  
dato

Nordhordland Revisjon IKS  
*Reidar Bjørsvik*  
signatur og stempel


Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Strategi- og næringsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

Nokre utfyllande forhold kring driftsrekneskapen

Netto driftsresultat – KOSTRA, % vis resultat (Masfjorden utvikling 2006-08, elles 2008);



Frie inntekter i kroner per innbyggjar;



Viser elles til KOSTRA informasjon i årsmelding med diagram.

### Avvik innan brannvern (grunnar til avvik);

#### LØNSKOSTNADER

som sidan år 2001 har ein valt å budsjettere utan å ta høgde for utrykkingskostnader; i staden har ein budsjettert med full styrke på kvar stasjon. Det har vore 23 utrykkingar i 2008, ei auke på 5. pga av Matre stasjon er underbemanna, rykker Duesund stort sett ut når alarmen går på Matre.

#### DRIFTSUTGIFTER

Duesund brannbil kolliderte med ein fjellvegg i mars/april. Bilen kom att seint i oktober. Det vart og utført EU-kontroll på bilen mens han var på verkstad. Rekninga vart stor. Porten i brannstasjon vart øydelagt i samband med same utrykking. Han er no erstatta med ny port. Matre brannbil vart øydelagt under utrykking i april. Dette medførte utgifter til leigebil. Leigebilen rann inn i ein annan bil medan han var på Matre. Leigebilen vart påført skader som vart dekkja av kommunen. Brannsjefen henta Bergen brannvesen inn med helikopter i samband med tunellbrann i Masfjordtunellen. Sandnes stasjon rygga på garasjeporten og øydela den i samband med ei øving. Ny port er kome på plass. Sandnes stasjon hadde brannbilen på EU-kontroll og det vart avdekka fleire 2-ar feil. Feila er no retta og bilen kome på plass att – og rekninga vart stor.


tidleg på nyåret starta ein - ut i frå budsjettert midlar - med å etablere ein eigna stad for oppbevaring av oljelensene - oljelensene var ubrukeleg og det var sett av pengar til å kjøpe nye. Container for oppbevaring av oljevernustyr har kome på plass - men brannsjefen avventar tinging av nye oljelenser sjølv om kommunen no ikkje har turvande oljevernustyr på lager.

Utrykkingssertifikatkurset vart meir "populært" enn antatt og brannsjefen vurderte at det var viktig at alle som var motivert for å ta blålyssertifikatet fekk ta det no sjølv om det ikkje var sett av nok pengar til dette i utgangspunktet. pga problem med øydelagde brannbilar, har det og vore naudsynt å betale kl2 for ein skilde brannmenn.




## Nokre utfyllende forhold kring balanserekneskapen

Langsiktig gjeld (lån og pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter;



Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter



### **Finansreglementet; jf. pkt. 19.8 rapportering og kontroll i økonomireglementet;**

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga. Rådmannen rapporter minst to gonger årleg til kommunestyret.

#### Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvensar rådmannen trekkjer av dette.

Rapportering 2008:

Viser til note 11 i rekneskapshefte 2008. langsiktig gjeld (innlån) utgjør 63,9 mill.kr., kor om lag 7% er fast rente (nær 4,5 mill.kr.).


## Renteutvikling (2008 – og hittil 2009)

Oversikt over rentemøte og endringar i styringsrenta – Noregs bank.

Rentemøte	Styringsrente	Døgnlånsrente	Endring	Gjelder frå
25. mars 2009	2,00	3,00	-0,5	26. mars 2009
4. feb. 2009	2,50	3,50	-0,5	5. feb. 2009
17. des. 2008	3,00	4,00	-1,75	18. des. 2008
29. okt. 2008	4,75	5,75	-0,5	30. okt. 2008
15. okt. 2008	5,25	6,25	-0,5	16. okt. 2008
24. sep. 2008	5,75	6,75	0	25. sep. 2008
13. aug. 2008	5,75	6,75	0	14. aug. 2008
25. juni 2008	5,75	6,75	+0,25	26. juni 2008
28. mai 2008	5,50	6,50	0	
23. april 2008	5,50	6,50	+0,25	24. april 2008
13. mars 2008	5,25	6,25	0	

Rentenivået gjennom 2008 gav sum renteinntekt med nær 2,4 mill.kr., mot budsjettert 600.000 i inntekt.

Låneinstitusjon;



Konto	Konto (tekst)	Beløp
21131002	Carnegie obligasjon	2 372 483,00
21131003	Carnegie aksje norge	1 540 046,00
21131004	Carnegie forvaltning	1 035 039,00
21131005	DnB nor obligasjonsfond	5 148 108,00
21131006	FS Delta	1 565 732,00
21131007	FS Alpha	1 464 520,00
		13 125 928,00

Avkastning av plassering i pengemarknaden og aksjefond vart budsjettert med å gje ei inntekt på 400.000,-, men resulterte i ei utgift med kr. 131.253 (så pass bra resultat pr. 31.12.08 fordi ein ikkje inntektsførte avkastning aksjefond i rekneskapen pr. 31.12.07).

Finansreglementet er ein del av økonomireglementet, vedteke i 2008 med utvida plasseringsramme – kan plassere inntil 20 mill.kr., og aksjefond med inntil 10 mill.kr. (jf. Kommunestyresak 33/08) men er basert på tidlegare vedteke finansreglement frå 2001. Dette reglementet må reviderast i 2009.

I tråd med fullmakt gitt i finansreglementet har kommunen plassert 3 mill.kr. i pengemarknaden/aksjefond i løpet av 2008. Samla sett er 6 mill.kr. plassert, som pr. 31.12.08 har ein samla verdi på litt over 13,1 mill.kr.


Finanskrisa gjev usikre forhold framover, og vi har valt å ikkje bruke meir av plasseringsramma av denne grunn. Plassering vert løpande vurdert, og erfaring tilseier at etter ein nedtur som ein har hatt no, kan ein pårekne til dels kraftig vekst når økonomien snur. Det kan difor komme ytterlegare plasseringar i 2009, men då sannsynlegvis ved at vi realiserer nokre av plasseringane og brukar desse frigjorde midlane til nye plasseringar.

## Nokre utfyllende forhold kring andre rekneskapen

Kyrkja i 2008;

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr. 16.594 (før revidering). Statstilskot har vorte gradvis justert ned, og utgjorde i 2008 kr. 43.000,-. Kommunen står difor for store deler av finansieringa (90,8% i 2008) av drifta av Masfjorden kyrkjelege fellesråd.

Netto driftsutgifter per innbyggjar., kyrkja



**KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

**Møtedato,** 27.03.2009  
**Stad:** Kommunehuset  
**Kl.:** 09.15 – 12.30  
**Tilstades:** Kjell Løvik (leiar), Jan Otto Daae (nestleiar) og Wenke Ekren,  
**Innkalla:** Rådmann Lovisa Midtbø og assisterande rådmann Svein Helge Hofslundsengen – rådmann møtte ikkje  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss.  
**Forfall:**

---

**17/09 Rekneskap og årsmelding for 2008**

Sakstilfang: Rekneskap – 2008, årsmelding 2008, revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2008

Assisterande rådmann møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2008, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

**Samrøystes vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Masfjorden kommune sin årsrekneskap for 2008:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2008. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet har nokon kommentarar til rekneskap og årsmelding.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen for 2008 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 1,5 mill kr og eit positivt netto driftsresultat på 9,6 mill kr. Kontrollutvalet ser det som viktig at kommunen har positivt netto driftsresultat slik at ein kan oppretthalde eit godt tenestetilbod i framtida. Ein del av inntektene til kommunen er usikre og det er difor viktig at ein har ein god buffer i resultatet i gode år. Kontrollutvalet vil også peike på at driftsutgiftene i 2008 har auka med 10,4 %, mens inntektene berre viser ein auke på 2,1 %. Dette er ei utvikling som ikkje kan fortsette.

Budsjett disiplin har vore god innafor dei fleste tenesteområda. Avvik på skjema 1A og 1B er rimeleg godt forklart i rekneskapen.

Kontrollutvalet ser behov for å gjere skjema 2B – investeringsprosjekt noko meir forståeleg, eventuelt ved å lage eit vedlegg som syner kva som er nytta totalt og løyving totalt.

I reglement for finansreglement, kap 19 i økonomireglementet har kommunen vedteke korleis finansforvaltninga skal vere og krav til rapportering (kap 19.8). Det står mellom anna at kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko. Kontrollutvalet saknar ei oppstilling som syner kva avkastninga har vore på dei ulike plasseringane, vurdert opp i mot bankrente, sett over nokon fleire år og korleis ein vurderer den finansielle risikoen. Det må sjåast på korleis rapporteringa kan verta i samsvar med det som reglementet krev.

Note 5 – aksjar og andelar manglar ein opplysning om kommunen sin eigarandel, slik det er krav om i forskrift om årsrekneskap § 5.5.

Rådmann skriv innleiinga til årsmeldinga; *”Kommunen tilbyr gode tenester og me har nådd nasjonale og lokale mål på dei fleste område.”*. Kontrollutvalet ser behov for at årsmeldinga vert noko meir tydeleg på konkrete mål og oppnådde resultat innafør dei ulike tenestedområda.

Kommuneloven § 48 nr 6 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for tiltak som er satt i verk og planlagde tiltak. Kontrollutvalet finn årsmeldinga noko mangelfull på det område.

Det manglar omtale av viltfagrådet i årsmeldinga.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 23.03.2009 og revisjonsrapport datert 23.03.2009, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Masfjorden kommune for 2008.

## VURDERING

Årsoverskotet 2008 bør gå til inndekning av udekka investeringspostar pr. 31.12.08, og er difor tilrådd som pkt. a-d). Avsetjing til arbeidsmiljøtiltak har vore eit positivt tiltak, som ein tilrår vidareført. Sandnes skule er det einaste området som har søkt overført unytta midlar frå 2008 budsjettet, og har til dels store innsparingar i høve budsjett med over 700.000 i innsparing. Tilrår at netto 1B skule vert avsett til disposisjonsfond drift – Sandnes skule med kr. 232.255,-. Rest til investeringsfond.

Vurderingar elles som del av rekneskapshefte og analysedel.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre og disponering av overskot i samsvar med tilrådinga.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	02.04.2009	026/09	Lovisa Midtbø
Formannskapet	16.04.2009	027/09	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	16.04.2009	029/09	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-536, N-016	Arkivsaknr.: 06/371
---------------------	---------------------

### SAK 029/09 - PROSJEKT IDRETTS- OG SYMJEHALL FOR GULEN OG MASFJORDEN - FLEIRBRUKSHALL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.

Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.

#### Finansiering

#### Heimel

#### Utskrift til:

Gulen kommune, 5966 Eivindvik

#### **FS-026/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

**Saka vert utsett til ekstramøte i formannskapet den 16.04.2009.**

#### **Det skjedde i Formannskapet den 02.04.2009:**

Ordførar gjorde under godkjenning av saklista framlegg om at denne saka vart utsett til eit ekstramøte i formannskapet 16.04.09 før kommunestyret har møte.

Grunnen til dette er at sakspapira til denne saka kom seint ut, og at det i tillegg møtte varafolk som ikkje hadde fått papira på førehand.

**Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS-027/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.

Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.

**Finansiering****Heimel****Det skjedde i Formannskapet den 16.04.2009:**

Brev frå arbeidsgruppa for symjehall v/Helge Haukeland kom som epost til kommunen den 14.04. Brevet vart vidaresendt på epost til formannskapsmedlemmene og gruppeleiarane same dag.

Ordførar Håkon Matre signaliserte at Høgre kanskje vil koma med eit alternativt framlegg i kommunestyret.

Saka vart drøfta.

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

**KS-029/09 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

**Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

**Finansiering****Heimel**



**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:****Saka vart grundig drøfta.**

**Frode Langhelle, H**, sa at dette er eit stort prosjekt som er umogleg for ein kommune å gjennomføra i eigen regi. Ein må då søkja samarbeid. Det er lett å bli opphengt i grenser. Viss ein ikkje tenkjer grenser vil dette vera eit godt prosjekt. Ei føresetnad for at Masfjorden kommune skal gå inn i prosjektet er at meir LRA midlane som Gulen kommune får vert brukt på prosjektet.

Langhelle sa at Høgre hadde laga eit nytt framlegg til vedtak. Han ville koma tilbake seinare i debatten om han skulle fremja framlegget.

**Laila Haukeland, Sp**, sa at mange i Nordbygda allereie hadde forventningar til at det skal koma ein fleirbrukshall i området. Ein må difor ikkje sei nei no. Ho støttar Høgre.

**Leila T. Andvik, V**, sa at Venstre vil støtta rådmannen sitt forslag.

**Willy Borge, Frp**, sa at dette er eit flott prosjekt og arbeidsgruppa har lagt ned mykje bra arbeid, men ein må vera realistisk. Det ikkje er rekningsvarande å gå inn i dette prosjektet med det befolkningsgrunnlaget som me har. Støttar rådmannen sitt framlegg.

**Liv Oda Dale, Ap**, sa at dette er eit flott prosjekt og arbeidsgruppa har gjort ein kjempejobb. Det er klart at me kunne ynskja at me hadde råd til ein slik fleirbrukshall, men me har ikkje befolkningsgrunnlag nok til å kunna drifta eit slikt anlegg. Masfjorden har sitt eige basseng som må vera stengt ein del av året. Andre kommunar som har basseng slit og. Ap går inn for rådmannen sitt framlegg.

**Kari Skår Sørheim, KrF**, prisverdig det som Høgre prøver å få til, men det skal driftast. Er det dette med ein fleirbrukshall som skal til for at me skal få folk til å busetja seg i Masfjorden?

KrF vil støtta rådmannen sitt framlegg.

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli fekk ordet. Han sa at han kunne forstå rådmannen sitt framlegg, men han syns det var flott at Høgre ville gå inn for vidare utgreiing om dette.

**Frode Langhelle, H**, ba om gruppemøte.

Møtet vart sett att.

**Leiar i eldrerådet Klaus Nordli sette fram slikt framlegg:**

- Masfjorden kommune legg vekt på det sterke initiativet som næringslivet i Sløvåg legg til grunn for å realisera eit slikt prosjekt som eit offentleg idretts-, helse og velferdstilbod.
- Masfjorden kommune er i utgangspunktet positiv til å delta i eit interkommunalt prosjekt som kan ivareta slike tilbod, og som kan stryka bu- og arbeidssituasjonen for kommunen.
- Masfjorden kommunestyre meiner den kommunale delen av finansieringa i sterkare grad må baserast på dei inntektene som vert tildelt Gulen kommune ved lagring av lågradioaktivt avfall (LRA) i Sløvåg. Masfjorden kommune vil ved ein slik finansieringsmodell løyve kr. 100.000 til kvalitetssikringsarbeid.

- Masfjorden kommune vil leggja til grunn eit minimumsnivå for kommunal medverknad for å oppnå ekstraløvingar av spelemidlar til interkommunalt fleirbruksanlegg, dvs. 5 % av investeringar.
- Rammene vert å ta opp under neste handsaming av økonomiplanen på bakgrunn av eit kvalitetssikra og realistisk kostnadsoverslag.
- Masfjorden kommune vil i det vidare planleggingsarbeidet vurdere om prosjektet kan realiserast i tilknytning til eit helsemiljø.

**Frode Langhelle** sa at Høgre likevel ikkje ville fremja det framlegget som han hadde skissert tidlegare i debatten, men at Høgre hadde eit alternativt framlegg:

Høgre opprettheldt rådmannen sitt framlegg med ein tilleggsetning til slutt:

*Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.*

*Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden **etter den finansieringsmodellen som Gulen kommunestyre har lagt til grunn.***

### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta over eldrerådet sitt framlegg.

Framlegget fekk ingen røyster og fall.

Det vart så røysta over Høgre sitt framlegg.

Høgre sitt framlegg fekk 7 røyster og fall. (Høgre, V og ein frå Sp)

Det vart tilslutt røysta over rådmannen sitt framlegg.

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

### **VEDTAK:**

**Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

**Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

**SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	29.04.2006	Idrettsrådet i Masfjorden	Søknad om støtte til fyrårnsmidlar i Hordaland fylkeskommune
2	I	22.03.2007	Arbeidsgruppa symje- og idrettshall i Sløvåg	Innkalling til fellesmøte om planane for idretts- og symjehall i Sløvåg
3	I	19.09.2007	Wergeland Holding AS v/Irene K. Wergeland	Realisering av symje- og fleirbrukshall i Sløvåg
4	I	04.10.2007	Gulen Kommune	Symje- og idrettshall
5	I	06.11.2007	Gulen kommune	Utskrift av sak 65/07 om symje- og idrettshall i Sløvåg
6	I	01.01.2008	Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall i Sløvåg	Anmodning om å kome inn på den fylkeskommunale planen for idrett og friluftsliv
7	I	04.03.2008	Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall i Sløvåg	Statusrapport pr 01.02.2008 (arbeidsutkast)
8	I	13.03.2008	John Torsvik	Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden - statusrapport pr 01.03.2008
9	I	17.03.2008	Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall v/Helge Haukeland	Statusrapport pr 01.03.2008 for arbeidet med å realisere symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden
10	I	29.01.2009	Gulen kommune	Symje- og idrettshall i Sløvåg - utskrift frå Gulen kommunestyre den 11.12.08
12	I	13.04.2009	Arbeidsgruppa v/Helge Haukeland	Gjeld F-sak 027/09 Idretts- og symjehall for Gulen og Masfjorden

**SAKSUTGREIING:****BAKGRUNN**

Masfjorden kommunestyre har tidlegare vorte orientert både skriftleg og munnleg om arbeidet med å arbeida fram eit konsept for symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden. (sjå oversyn sakstilfang) Dette er ei sak som har blitt reist av næringslivet i Sløvåg. Dei har stilt midlar til rådvelde for å utgreia prosjektet. Det vart etter dette etablert ei arbeidsgruppe som har arbeidd med prosjektet i fleire år. Gruppa har arbeidd fram statusrapporten som ligg til grunn for handsaming av saka. (Statusrapport pr 01.03.2008 for arbeidet med å realisere symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden”, frå Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall v/Helge Haukeland følgjer saka som vedlegg.) Masfjorden formannskap har drøfta denne saka i fellesmøte med Gulen formannskap, og Masfjorden gav då melding om at ein venta at Gulen kommune måtte handsama saka før Masfjorden kunne ta stilling til medverknad i prosjektet.

Saka om symje- og idrettshall i Sløvåg vart handsama i Gulen kommunestyre 11.12.2008, og . Saksutgreiing og vedtak følgjer her:

Saknummer: 08/327  
Løpenummer: 6475/08  
Arkivkode: D11  
Saksbehandlar: Martin W. Kulild

06/371	
Dok.nr.	
29 JAN 2009	
Saksh: LM1	Kopi:
Arkiv: 536	Arkiv: 016
Kassasjonsår	Gradering

### MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
63/08	Formannskapet	13.11.2008
71/08	Kommunestyret	11.12.2008

#### **SYMJE- OG IDRETTSHALL I SLØVÅG**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Arbeidsgruppa v/Helge Haukeland, 5986 Masfjorden

#### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

##### **Sakstiffang:**

Utsende vedlegg:

- K. sak 0065/07 Symje- og idrettshall i Sløvåg – kommunal deltaking

Ikkje utsende vedlegg:

- Statusrapport pr 010308, frå arbeidsgruppa. (Utdelt i kommunestyret 240408)

##### **Saksutgreiing:**

Ei arbeidsgruppe bestående av Helge Haukeland (leiar), Johnny Birkeland og Håkon Birkeland har arbeidd med framlegg til etablering av eit fleirbruksanlegg i Gulen/Sløvåg. Frå hausten 2007 vart gruppa supplert med Kjell Reigstad (Gulen kommune) og Lovisa Midtbø (Masfjorden kommune).

Arbeidet vart presentert for Gulen kommunestyre våren 2008. Etter dette har det vore samtaler mellom Gulen formannskap og Masfjorden formannskap om vidare framgangsmåte for politisk handsaming. Formanskapa har i felles møte konkludert med at saka først vert lagt fram for Gulen kommunestyre og etter dette Masfjorden kommunestyre.

I kommunestyremøtet 18.09.08, sak 49/08, vart det gjort slik vedtak: "*Rådmannen får i oppgåve å greie ut Gulen kommune sin kostnad med investering og drift av fleirbruksanlegget som er planlagt i Sløvågområdet. Han skal også kome med framlegg til plassering av anlegget, innhald og kva driftsmodell som er mest rasjonell.*"

Arbeidsgruppa sitt utkast til fleirbrukshall inneheld 25 m basseng med stup og sklie, terapi- og barnebasseng, idrettshall for handball med tribuneanlegg, fellesareal med kafeteria, møtelokale, undervisningslokale og lokale til næringsutleige. Anlegget er planlagt plassert i Steinsvågen, nord for Sløvågen.

Arbeidsgruppa har gjort eit godt arbeid med tanke på innhald og kostnader, og det ville utvilsamt vore av stor verdi for kommunane våre om prosjektet kunne realiserast. Administrasjonen si saksutgreiing er utarbeidd på grunnlag av statusrapporten. Av di tala baserer seg på eit skisseutkast og erfaringstal vil det være naudsynt å utarbeide eit mykje meir detaljert prosjekt, som inneheld kvalitetssikra opplysningar om byggekostnader, tomt, finansiering m.v. Når denne oppgåva er løyst er det to hovudspørsmål kommunestyret må ta stilling til:

1. Ynskjer kommunen å prioritere så store ressursar til føremålet/målgruppa?
2. Har kommunen tilstrekkeleg finansielle musklar til dette løftet?

Gulen kommune har i dag ikkje store årlege løyvingar til drift av kommunale idrettsanlegg for born og unge. Synjebassenget på Eivindvik skule er ikkje i drift og vi kjøper tilgjenge til symjeanlegg for våre skuleelevar og brukarar med særlege behov i våre nabokommunar. Kostnaden til transport og leige knytt til bading er ca kr 300.000,-/år.

Når administrasjonen er positive til framlegget, som økonomisk vil være ein stor årleg utfordring for kommunen, skuldast det næringslivets gode engasjement og vilje til å finansiere store delar av anlegget og drifta. Administrasjonen føreset at det er sett av midlar frå LRA-inntekter som kan nyttast til investering og drift av anlegget.

Plasseringa av anlegget i Steincvågen gjer at alle må i bil eller buss for å kome dit. Bading for skuleelevar og brukarar med særlege behov vil såleis ha ein meirkostnad nesten lik den ein har i dag. Dette ville kunne kompenseras ved å flytte anlegget nær Dalsøyra, men i så tilfelle ville kostnaden knytt til oppvarming vore dobla – frå kr 600.000,-/år til ca kr 1,2 mill/år, av di det ikkje kunne nyttast fjernvarme frå Sløvåg. Administrasjonen meiner på tross av dette at anlegget bør lokaliserast nær eit bygdesenter/skule i ein av dei to kommunane, for å redusere trongen for transport av elevar og brukarar med særlege behov.

Finansieringa er omtala i rapporten. Ein ser for seg at Gulen kommune skal delta med kr 10 mill i investeringar. Dette vil gje Gulen kommune ein årleg kostnad på om lag kr 810.000,- i renter og avdrag (lån med 6,5% rt/25 år). Alternativt bortfall av renteinntekter på ca kr 650.000,- (innskot med 6,5% rt/år) dersom ein nyttar oppsparte midler/lra fond. Dette er stipulerte kostnader kommunen vil få som konsekvens av at ein foretek investeringa, som ikkje er teke med i rapporten. I tillegg kjem årlege tilskot til drifta.

Frå næringslivet reknar ein med at ein får kr 20 mill til investeringa og kr 30 mill til eit driftsfond, der ein har føresett ei avkastning på 8,5% som kan nyttast i drifta. Som ei fylgje av at kommunen vil stå ansvarleg for drifta av anlegget i 40 år, er det ein forutsetning at det ikkje er bindingar til midlane frå næringslivet, ut over at dei skal nyttast til investering og drift av anlegget og ikkje betalast tilbake til gjevar. Administrasjonen har ikkje vurdert dei øvrige finansieringskjeldene som rapporten syner til, men det må i det vidare arbeidet utgreiast kven som t.d. skal stå for mellombels finansiering av spelemidlar, risiko for driftsunderskot m.v.

Før det vert iverksett nærare undersøkingar bør det avklarast nokre premiss for Gulen kommune si deltaking i prosjektet.

**Framlegg til vedtak:**

1. Gulen kommune ynskjer å delta i prosjektet, men med fylgjande avgrensingar:
  - a. Kommunen sitt årlege driftstilskot og risiko vert avgrensa til kr 650.000,- i 2008 kr ved plassering på Dalsøyra og 400.000,- ved plassering i Nordbygda.
  - b. Gulen kommune tek sikte på å delta med inntil kr 10 mill i 2008 kr i eit fullfinansiert anlegg.
  - c. Masfjorden kommune deltar på tilsvarande vilkår. (Motsatt på driftstilskot)
  - d. Plassering i Nordbygda (Masfjorden) eller på Dalsøyra (Gulen).
2. Gulen kommune bidrar med inntil kr 100.000,-/10% av kostnader knytt til å kvalitetssikre prosjektet, Masfjorden kommune med tilsvarande og næringslivet/andre med resten (80%).  
I dette ligg det at m.a fylgjande skal utredast:
  - a. Konkretisering av romplan/tilbod, val av plassering/tomt og utdjupeing av kundegrunnlag
  - b. Større grad av kvalitetssikring av alle kostnader og finansiering i anlegget si levetid – minimum 40 år.
  - c. Selskapsform – mellom anna for å avgrense kommunenes risiko

**Behandling og vedtak i Formannskapet, 13.11.2008:****Nye framlegg:****Frå Dagfinn Midtun (V):**

Som det går fram av økonomiplanen for 2009-2012 vil Gulen kommune vere i ein krevjande økonomisk situasjon i åra framover.

Realiseringa av ny symje- og idrettshall vil verte eit så stort løft for kommunen at det utan tvil vil gå utover det øvrige tenestetilbodet m.a. pleie og omsorg, oppvekst og ikkje minst vedlikehald av kommunale vegar og bygningar, der ein allereie har store utfordringar.

Kommunen vil difor prioritere rehabilitering av bassenget i Eivindvik på 1. plass, som vert eit langt rimelegare alternativ.

**Felles frå SP/H/AP/KRF:**

Som administrasjonen, med endring av punkt 1. d) til:

d) Plassering i Nordbygda (Masfjorden), på Dalsøyra (Gulen ) eller i området kring Steine.

**Røysting:**

4 mot 1 (Dagfinn Midtun, V).

**Vedtak:**

Fellesframlegg frå SP/H/AP/KRF vert godkjent.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 11.12.2008:****Røysting:**

Mot 4 (V + Aage Sandal, KRF).

**Vedtak:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

## HØYRING/ UTTALE

Ikkje aktuelt

### FAKTA

Wergeland Holding har gitt lovnad om tilskot til investeringa til ein verdi av 15 mill.kr. Det er også gitt positive signal frå andre næringslivsaktørar om mogleg medverknad, og arbeidsgruppa legg til grunn at næringslivet samla vil bidra med 20 mill kr. til finansieringa. Vidare ligg det føre lovnad frå dei same aktørane om 30.mill kr. til eit driftsfond når anlegget står ferdig. Ei rekkje lag og organisasjonar både frå Masfjorden og Gulen har uttalt seg positivt og engasjert seg i prosjektet. Arbeidsgruppa har heile tida streka under at kommunane Gulen og Masfjorden må gå inn med investerings- og driftsmidlar dersom symje- og idrettshall skal vera realistisk.

Ei symje og idrettshall av den storleiken som er skissert for Masfjorden og Gulen er utan tvil eit attraktivt anlegg. Men det er og eit dyrt anlegg å byggja og eit krevjande og dyrt anlegg å driva og vedlikehalda. Når kommunen skal vurdera deltaking i ei slik storsatsing, må dette føremålet haldast opp mot kommunen si drift som heilskap. Kva konsekvensar vil ei slik investering få økonomisk og kva kan vi oppnå for lokalsamfunnet.

Masfjorden kommune er engasjert i sentralidrettsanlegget på Hosteland, idrettsbana på Matre, skitrekket i Stordalen, leikeområda/nærmiljøområda kring skulane og ballbingar i Ytre Haugsdalen og på Haugsvær. Kommunen gjev også støtte til aktivitet og kompetanseutvikling idrettslaga og driv eigen kommunal idrettsskule ved alle tre skulane i kommunen. Masfjorden har i dag eit ope symjebasseng lokalisert ved skulen på Matre . Dei årlege kostnadene ved drifta av symjebassenget på Matre er om lag kr. 600 000. Anlegget vart i 2007 rehabilitert og er ope 8 månader i året. Masfjorden sine elevar får symjeopplæringa si der, og bassenget blir lånt/leigd ut til ulike grupper med eigne badevakter. Det er idrettslaget Bjørn West som står for drifta og badevakter i opningstida for publikum.

Det har vore eit breitt politisk fleirtal som har lagt grunnen for den desentraliserte strukturen kommunen har på idretts- og friluftssatsing. Det var i si tid usemje om kommunen hadde råd til symjebasseng. Men dette vart vedteke og bygd på Matre. Sentralidrettsanlegget med nytt garderobebygg ligg ved skulen på Hosteland. Vi har idrettsbane ved skulen på Matre og ballbane ved skulen på Sandnes. Ein har inntrykk av at heile kommunen samlar seg og gled seg over etableringa av skitrekket i Stordalen, - eit vintersportsområde for alle.

Masfjorden kommune manglar fleirbrukshall. I gjeldande fylkesdelplan for idrett og friluftsliv er det sagt at dei kommunane som ikkje har slike hallar skal prioriterast ved tildeling av spelemidlar. Spørsmålet om fleirbrukshall i Masfjorden har ikkje vore fremja til politisk handsaming, men frå politisk hald har det i strategidrøftingar kome fram ynskje om fleirbrukshall ved sentralidrettsanlegget i Nordbygda.

## VURDERING

Rådmannen har gått gjennom rapporten som ligg føre. Vidare har rådmannen det siste 1 ½ året delteke på møta i arbeidsgruppa for prosjektet og gjennom det fått munnleg informasjon og eit innblikk i engasjementet som ligg bak satsinga både frå næringsliv og arbeidsgruppe. Rådmannen har stor respekt for den satsinga næringslivet i Sløvåg står for og det arbeidet som og arbeidsgruppa for for symje- og idrettshall i Gulen og Masfjorden har gjort. Sløvåg har i dag 250 arbeidsplassar, og det ligg føre konkrete planar om vekst og utvikling. Hamn og kai gjer at mange skip ligg så lenge at mannskapa har behov for aktivitetar.

Rådmannen skjønar at det er behov for å byggja opp eit godt velferds- og aktivitetstilbod rundt Sløvåg i åra som kjem. Det er viktig for Masfjorden at næringslivet i Sløvåg lukkast. Mange av våre innbyggjarar har gode arbeidsplassar der, og vår kommune har vore og er sterkt involvert og engasjert i næringsutvikling for området, no sist gjennom etablering og drift av det nye selskapet "Gulen og Masfjorden utvikling".

Men sjølv om Masfjorden satsar på næringsutvikling i Sløvåg, fører saka om økonomisk deltaking i finansiering og drift av ein symje- og idrettshall uansett lokalisering med seg nye og vanskelege vurderingar. Kommunestyret må ta stilling til fleire viktige spørsmål. I stor grad er dette dei same spørsmåla som rådmannen i Gulen la fram for Gulen kommunestyre:

1. Ynskjer kommunen å prioritera så store ressursar til føremålet/målgruppa?
2. Har kommunen tilstrekkeleg finansielle musklar til dette løftet ?

Deretter meiner rådmannen at Masfjorden kommunestyre for sin del må vurderer om ei slik satsing fremmar kommunen sitt hovudmål om fleire innbyggjarar i ein slik grad at det forsvarar ei så stor økonomisk satsing.

### **Ynskjer kommunen å prioritera så store ressursar til føremålet/målgruppa?**

Ein symje- og idrettshall er ein arena for leik, aktivitet og idrett og folkehelse. Alt dette er viktige satsingsområde for livskvalitet og bulyst. Masfjorden kommune har ikkje eit slikt anlegg i dag.


Masfjorden har samla sett ei god satsing på idrettsanlegg og idrettsaktivitetar. I strategisamlinga kommunestyret hadde i februar kom det også fram eit sterkt ynskje om å etablere ein fleirbrukshall ved sentralidrettsanlegget i Nordbygda. Rådmannen meiner kostnaden med å etablere ein fleirbrukshall utan symjebasseng på Hosteland vil bli om lag den same som å gå inni fellesprosjektet med Gulen/næringslivet i Sløvåg. Dersom kommunestyret ynskjer å etablere fleirbrukshall, må ein etter rådmannen sitt syn velja mellom desse to alternativa.

Rådmannen meiner at kommunen ikkje kan pårekna å auka løyvingane til idrettsføremål vesentleg i åra som kjem. Kommunestyret må derfor prioritera, og vurderer fleirbrukshall opp mot dei andre tiltaka kommunen har og ynskjer å få etablert.



## Har kommunen tilstrekkeleg finansielle musklar til dette løftet ?

Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden er kalkulert til 100 mill.kr. brutto, og er tenkt finansiert slik;



Prosjektet har kalkulert med at Masfjorden kommune går inn med 10 mill.kr. på investeringsdelen, og at ein elles er med på å finansiere den løpande drift av anlegget når det kjem i drift.

Masfjorden kommune har vore i gjennom ein lengre god økonomisk periode med stadig aukande økonomisk handlefridom som resultat. For 10-12 år sidan har situasjonen ein heilt annan. Reelt sett er ein stor del av denne auka økonomiske handlefridomen knytt til auka kraftinntekter (spesielt eigedomsskatt og konsesjonskraft). Dei økonomiske rammevilkåra kan endra seg fort. Ser ein på det nye inntektssystemet som tok til å gjelda frå 2009, var det ei endring som var svært merkbar i Masfjorden alt i det første året av 3.årig tilpassing til eit nytt inntektssystem. Masfjorden kom inn på ein 10 på topp av kommunar med dårlegast utvikling i frie inntekter. Skatteinngangen i 2008 vart på 125% av landsgjennomsnittet, noko som truar småkommunetilskot for 2010 då dette tilskotet går til kommunar med mindre enn 120% av landsgjennomsnittet skatteinngang.

Kommunen har involvert seg i ein del idrettsaktivitetar dei seinare år, som Stordalen skisenter, etablert idrettsskule, drift av Matre symjebasseng, støtte til idrettslag og idrettsanlegg og tiltak ved sentralbaneanlegget. For 2008 brukte ein 401 kr. pr. innbyggjar til drift av idrettsføremål og kr. 235 pr. innbyggjar til investering innan idrettsføremål. Det er uvisst om kommunen kan auka ressursbruket på idrettsområdet i åra framover. Masfjorden kommune sin medverknad i dette prosjektet vil krevja at kommunestyret vel å prioritera dette prosjektet høgt, då det vil kunne gå utover andre tiltak og tenestetilbodet i eigen kommune. Rådmannen vil særleg peika på kostnadene med drifta.

I finansieringsplanen for Prosjekt symje- og idrettshall for Gulen og Masfjorden er det lagt inn at Hordaland fylkeskommune skal bidra med 10. mill kr til investering. Rådmannen trur dette vil verta utfordrande å få til dersom hallen er plassert i eit anna fylke.

## **Fremmar ei slik satsing kommunen sitt hovudmål om fleire innbyggjarar?**

Alt arbeidet som me har gjort på området Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden har lært oss at dei kommunane som maktar å snu ei negativ folketalsutvikling har samla seg og satsa på fortetting, tettstadutvikling og samlokalisering av både offentlege tenester og privat næringsliv med handels- og servicetenester og produksjon. Dette skaper møteplassar der folk ferdast, noko som gjev synergjar og utvikling for heile lokalsamfunnet. Rådmannen er samd med vurderinga frå administrasjonen i Gulen at anlegget ideelt sett bør liggja ved eit bygdesenter og helst ein skule dersom det skal realiserast. Slik sett er ei etablering av fleirbrukshall på Hosteland ideell for vår kommune.

Ein fleirbrukshall med symjebasseng er utan tvil eit stort trekkplaster for folk i alle aldersgrupper. Rådmannen trur nok at hallen vil vera eit trekkplaster for somme når dei kjøper tomt og skal byggja. Men ein fleirbrukshall i Sløvåg/Dalsøyraområdet vil nok ha marginal verknad for innbyggjartalet i Masfjorden. Det er ein prosentvis liten del av innbyggerane som nyttar seg regelmessig av eit slikt tilbod, sjølv i sentrale strøk der hallen ligg nær bustaden.

Masfjorden har få innbyggjarar, spreidd busetnad og store avstandar. Uavhengig av plassering, vil dei fleste i Masfjorden få lang veg til hallen. Vi ser i dag at vegen til liknande hallar ikkje er så lang, Indrefjorden fer til Modalen, sørsida til Vestkanten.

Rådmannen meiner at det som i første rekkje fremmar innbyggjartalet er meir knytt til god tilgang på bustader og arbeid, eit godt sosialt fellesskap og eit variert aktivitetstilbod i nærmiljøet. Dette bør vera retningsgjevande for kommunale prioriteringar. Kommunen må ikkje etablera så store utgifter knytt til investering og drift av anlegg at ein ikkje kan halda oppe idrettsskule og aktivitetsstøtte til idretten.

## **KONKLUSJON**

Arbeidsplassane i Sløvåg er viktige for sysselsettinga i Masfjorden. Derfor har kommunen heilhjarta gått inn i næringssamarbeid med Gulen og eksisterande næringsliv i Sløvåg om vekst og utvikling for dette industriområdet både før og no.. Arbeidstakarane i Sløvåg kjem frå begge kommunane, og alt ligg til rette for at Masfjorden kommune også i framtida vil medverka sterkt i arbeidet for å tryggja det næringslivet vi har i Sløvåg og støtta deira arbeid for vidare vekst.

Men etablering av ei symje- og idrettshall i samarbeid med næringslivet i Sløvåg og Gulen kommune fører med seg vurderingar og prioriteringar som kan ha følgjer for noverande og framtidige tiltak og tenester i eigen kommune. Derfor må kommunen sjå dette prosjektet i ein kommunal heilskap. Dette prosjektet gjeld ikkje lovfesta tenester.

Rådmannen viser til vurderingane over. Etter grundig gjennomgang og arbeid med denne saka har rådmannen kome til at kommunestyret må vurdere følgjande moment som grunnlag for sin konklusjon i saka:

- Masfjorden kommune kan ikkje pårekna auka rammer for drift i åra som kjem. Dersom kommunen går inn på hallprosjektet må kommunestyret vera budd på å prioritera dette framfor andre tiltak og tenester.
- Eit symjebasseng i ein fleirbrukshall kan koma til å riva bort noko av grunnlaget for det bassenget me har.
- Masfjorden kommune må etter rådmannen si vurdering velja mellom å delta i etablering av fleirbrukshall i samarbeid med Gulen kommune/næringslivet i Sløvåg eller etablering av fleirbrukshall utan symjebasseng i eigen kommune(Hosteland)
- Transportutgiftene vil vera ei utfordring for brukarane av fleirbrukshallen.
- Masfjorden kommune vil ikkje ha økonomi til å etablere ei symje- og idrettshall i eigen kommune. Samarbeid med Gulen kommune/næringslivet i Sløvåg kan vera einaste sjansen til å oppnå eit slikt anlegg.

Rådmannen kan ikkje sjå at ei nærare utgreiing og kvalitetssikring av kostnader knytt til Prosjekt symje- og idrettshall Gulen/Masfjorden vil belysa momenta over. Denne saka er slik at kommunestyret må gjera eit val knytt til eiga vurdering av kva som tener Masfjorden kommune og innbyggjarane våre best på kort og lang sikt. Då er omsynet til ei heilskapleg utvikling i eigen kommune vesentleg, og det aktuelle prosjektet må vurderast i lys av dette.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Masfjorden kommune har vurdert Prosjekt symje-og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

**Etter ei heilskapleg vurdering av kostnader og nytte av anlegget sett i lys av våre kommunale utfordringar knytt til folketal og økonomi i åra som kjem, finn kommunestyret ikkje rom for å delta i finansiering og drift av symje-og idrettshall for Gulen og Masfjorden.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	030/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kraftfondsstyret	16.04.2009	002/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/72
----------------	--------------------

### SAK 030/09 - SØKNAD OM LÅN/ TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL KJØP AV NÆRINGSBYGG PÅ Kvingo

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvingo næringsbygg as får tildelt eit lån på kr. 200.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom
3. Frist for å nytte lånet er 16.04.2011.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

#### Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

#### Utskrift til:

Kvingo næringsbygg as, v/Øyvind Ekren

### KRFT-002/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kvingo næringsbygg as får tildelt eit lån på kr. 200.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom
3. Frist for å nytte lånet er 16.04.2011.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

#### Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

#### Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

**Utskrift til:**

Kvingo næringsbygg as, v/Øyvind Ekren

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.04.2009:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS-030/09 VEDTAK:**

1. Kvingo næringsbygg as får tildelt eit lån på kr. 200.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom
3. Frist for å nytte lånet er 16.04.2011.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

**Finansiering**

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

**Heimel**

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

**Utskrift til:**

Kvingo næringsbygg as, v/Øyvind Ekren

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

Wenke Ekren sa seg ugild i denne saka.  
Dette vart samrøystes vedteke.

Ekren forlet no møtet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	02.02.2009	Kvingo Næringsbygg AS v/Wenke og Øyvind Ekren	Kvingo næringsbygg - søknad om lån/tilskot frå kraftfondet

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN


Det vert søkt om 200.000 i lån og 100.000 i tilskot frå kraftfondet til Kvingo næringsbygg as.

### FAKTA

Kvingo næringsbygg vart etablert i 2008 med føremål utleige av næringslokaler. Næringsbygget er etablert som eit aksjeselskap med 100.000 i aksjekapital.

Investeringa/prosjektet totale kostnad utgjer kr 1,1 mill.kr., fordelt med kjøp av tomt 500.000,-, utstyr 300.000 og investeringar 300.000,-

Finansieringsplan (jf. søknaden) fordelar seg slik;



Det vert søkt om 200.000 i lån og 100.000 i tilskot frå kraftfondet til Kvingo næringsbygg as til bygningsmessige investeringar og maskiner/tilbehøyr. Lån med pant i eigdommen Gnr. 37, Bnr. 46.

*Planlagde investeringar på bygget i 2009;*

Reperasjon og vedlikehald utført i 2008*	kr 54 000
Nytt inntak for vatn	kr 30 000
Nytt tak på tilbygg	kr 20 000
Ny utedør	kr 15 000
Maling golv butikk - lokalet	kr 20 000
Elektrikar	kr 10 000
Rørleggar	kr 10 000
Sprenging av innkjørsel	kr 15 000
Asfaltering av uteområde	kr 100 000
Diverse kostnader	kr 26 000
<b>Sum investeringar</b>	<b>kr 300 000</b>
* Reperasjon og vedlikehald utført i 2008 er i hovudsak oppgradering av lokala som skal leigast ut til dalegvarebutikken.	

<b>Kvingo Næringsbygg AS</b>				
		<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>
<b>Budsjett</b>				
<u>Leigeinntekter:</u>				
Marine Harvest	3800*12	(kr 45 600)	(kr 47 400)	(kr 49 300)
Kvingo Regnskap	3000*12	(kr 36 000)	(kr 36 000)	(kr 36 000)
Kvingo Nærkjøp AS		(kr 40 000)	(kr 84 000)	(kr 84 000)
Båtutstilling	1000*11	(kr 11 000)	(kr 12 000)	(kr 12 000)
Div inntekter		(kr 10 000)	(kr 10 000)	(kr 15 000)
<b>Sum Leigeinntekter</b>		<b>(kr 142 600)</b>	<b>(kr 189 400)</b>	<b>(kr 196 300)</b>
<u>Kostnader:</u>				
Lønningar		kr 25 000	kr 60 000	kr 70 000
Avskrivning bygg*	4 %	kr 28 000	kr 27 000	kr 26 000
Straum	2500*12	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000
Honorar revisor		kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
Forsikring		kr 9 000	kr 9 500	kr 10 000
Div kostnader		kr 2 000	kr 5 000	kr 10 000
Renter lån **		kr 55 000	kr 50 000	kr 45 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>kr 154 000</b>	<b>kr 186 500</b>	<b>kr 196 000</b>

Overskot		kr 11 400	(kr 2 900)	(kr 300)
* Avskrivningar er tatt med 4% av kr. 700.000,-				
Eigedommen med tomt og bygningar er kjøpt for kr. 500.000,-				
Me har verdsatt tomten til kr 100.000,- og bygningen til kr. 400.000,-				
Investeringar i 2009 iflg. Budsjett kr. 300.000,-				
** Renter er berekna med 8% rente på eksisterande lån på kr. 650.000,-				

#### *Tilleggs kommentarar til søknaden;*

Som de veit har me kjøpt Kvinge Tre sine lokale og eigedom på Nordre Kvinge.

Me vil først seie kvifor me kjøpte dette:

I sommar fekk me høyre at produksjonen ved Kvinge Tre skulle avviklast. Me meiner at desse lokala ligg godt til rette for å kunne drive næringsverksemd på Kvingo. Me tok difor kontakt med Berg hansen hjå "Glass & Karmer" og fekk då vite at dei skulle selje tomta med bygningen for kr. 500.000,- Tomta er på 5mål så det syntes me var ein ok pris å betale. I tillegg måtte me kjøpe alle maskinene for kr. 300.000,-. Dette rekna me med skulle vere enkelt å selje. Men det har vist seg å ikkje vere så enkelt. Den kjende finanskrisa kom og det blei stopp på lysten til å investere for dei fleste.

Me starta aksjeselskap med ein aksjekapital på kr. 100.000,-. Resten måtte me låne i banken. Det var under tvil at me fekk låne til kjøp av maskinane så me avtalte å betale inn kr. 100.000,- før jul. Igjen på grunn av finanskrisa har me no fått utsetning på halvparten av dette til ut februar.

Planen med bygget:

Første leigetakar var "Marine Harvest" som leiger halve lagerbygget. Så pussa med opp kontordelen og Kvingo Regnskapskontor flytta inn der i november. Me er og i gong med å starte eit anna aksjeselskap, Kvingo Nærkjøp AS som skal drive daglegvarebutikk i inste del av bygget. Masfjorden Kommune skal leige ein del av bygget for utstilling av gamle båtar. Me har planar om kanskje å lage til ein oppstillingsplass for campingbilar og vogner. Med tida er det og ønskeleg å kunne byggje på ein etasje og byggje leilegheit for ungdom. Som kommunen veit er det eit stort behov for leilegheiter i Masfjorden.

Alt dette kostar pengar.

Me har lagt med ein oversikt på kostnadane som me har hatt og kjem til å få no i første omgang for å få området godkjend. Blant anna må me kople oss på naboane sitt borehol då det ikkje er godkjend brønn til tomta. Me må og bore og sprengje for å få godkjend utkjørselen. Når me skal leige ut til daglegvarebutikk må plassen vere asfaltert, dette er ein stor kostnad.

Det meste av arbeidet blir gjort med eigeninnsats av Øyvind Ekren.

Etter kvart som me får fleire leigetakarar er det ønskeleg at det skal vere rom for å betale ut litt lønn.



## VURDERING

Tiltaket er heilt i tråd med det overordna målet med kraftfondet, som er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Det vert søkt om kr. 300.000 i støtte gjennom kraftfondet, fordelt med 200.000 i lån og 100.000 i tilskot. Søkjar har i dialog påpeikt problem med å få tilgang på tilstrekkeleg lånemidlar. Kraftfondet har ein del unytta midlar frå tidlegare år, og ein har p.t. lite i utlån frå kraftfondet.

Søkjar kom i utgangspunktet med 2 søknader, 1 til næringsbygget og ein til etablering av butikk. Butikken er tenkt driven av ei ung kvinne, som eg særleg støtteberettiga, men den søknaden kjem venteleg opp i samband med dei andre søknadene til hovudtildelinga av støtte frå kraftfondet i 2009, med søknadsfrist juni og politisk sakshandsaming i september.

Ein tilrår i denne omgang lån til selskapet i tråd med søknaden, og tilskotsdelen vert vurdert under 1.ordinære tildeling av stønadsmidlar frå kraftfondet i 2009.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at Kvingo næringsbygg as v/Øyvind Ekren får tilsagn om eit lån med kr. 200.000,- gjennom kraftfondet.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	031/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kraftfondsstyret	16.04.2009	003/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/827
----------------	---------------------

### SAK 031/08 - KLAGE PÅ VEDTAK I KOMMUNESTYRESAK 103/2008

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Klagen frå Gunnar Trædal vert ikkje teken til følge. Vedtak i Kommunestyresak 103/2008 vert ståande.

#### **Finansiering**

##### **Heimel**

Kommunelova m.fl.

#### **Utskrift til:**

Gunnar Trædal, 5983 Haugsvær

### **KRFT-003/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Klagen frå Gunnar Trædal vert ikkje teken til følge. Vedtak i Kommunestyresak 103/2008 vert ståande.

#### **Finansiering**

##### **Heimel**

Kommunelova m.fl.

#### **Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.04.2009:**

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**KS-031/09 VEDTAK:**

**Klagen frå Gunnar Trædal vert ikkje teken til følgje. Vedtak i Kommunestyresak 103/2008 vert ståande.**

**Finansiering****Heimel**

Kommunelova m.fl.

**Utskrift til:**

Gunnar Trædal, 5983 Haugsvær

**Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

**Terje Sætre, Sp,** spurde om hjullastar vert definert som eit transportmiddel og om det står noko om dette i eit offentleg dokument.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at vi har rekna det som eit transportmiddel, og at dette kan kommunen sjølv korleis ein vil definera slike ting.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	17.11.2008	Gunnar Trædal	Vedk. søknad om tilskot frå Kraftfondet til anleggsverksemd
1	I	30.11.2008	Gunnar Trædal	Søknad om tilskot frå Kraftfondet til anleggsverksemd
4	U	17.12.2008	Gunnar Trædal	Melding om vedtak - Søknad om tilskot frå Kraftfondet til anleggsverksemd
5	I	06.01.2009	Gunnar Trædal	Klage på vedtak i K-sak 103/08
8	U	03.04.2009	Gunnar Trædal	Vedk. klage på vedtak KS 103/08

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Gunnar Trædal klagar på vedtak i Kommunestyresak 103/2008. Søkte om 200.000 i tilskot, og fekk tilskot med kr. 50.000,-.

### FAKTA

#### Sjølve klagen:

Viser til dykkar brev datert 17.12.08, motteke 20.12.08.

Klagar hermed på vedtaket i følgjande punkt:

1. Definisjon av søknadsobjekta.jmf. Komm. Sak -051/08  
Her er ein varebil som vert minst brukt 50% av privat teke med i tilskotgrunnlaget. Medan i min søknad er både hjullaster og spesiallastebil definert som transportmiddel.
2. Likebehandling med andre søknader med % i støtte jmf. kom. sak -051/08.  
Her er det gjeve 25% av omsøkt og godkjend søknadsgrunnlag.

Eg skal få knapt 17% av godkjend tilskotsgrunnlag, knapt 4% av søknadsgrunnlag. Grunna bl.a. med lite midlar i forhold til søknader.

KRFT-027/08 Her er søkjar frå eit anna fylke.

I tillegg skriv sakshandsamar at det er eit tak på tilskot på kr 40000,00, på slike saker. Likevel blir det løyvd 150% over dette, på tross av at det er lite med midlar til fordeling.

Det var uttalt i kommunestyret at det var veldig viktig at alle vart behandla likt og vedtektene vart følgde.

For meg verkar det som det er liten samanheng mellom ord og handling.

### VURDERING

Argumentet som klagar nyttar i høve til vedtak Kommunestyresak 51/08 – kor ein politisk gav støtte til transportmiddel som del av det totale prosjektet, er under revidering av vedtektene til kraftfondet jf. Kommunestyresak 72/2008 av 23.09.2008 teke inn som punkt under ”**tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet**” og dermed ikkje lenger grunnlag for å gje støtte til dette føremålet. Slik at pkt.1 & 2 i høve Kommunestyresak 51/08 har ingen relevans lenger, pga. endra vedtekter. Dei endra vedtektene frå september vekk verknad for 2.tildelingsrunde i 2008.

Klagar tek og opp forhold til Kommunestyresak 106/08. Her gjekk kommunen inn med 100.000 (eller 16 2/3%) av ein samla forprosjektkostnad på 600.000,- til prosjektering av eit nytt hotell i Stordalen, som om tiltaket vært realisert vil gje positive konsekvensar for Masfjorden. Oppføring av hotell vil falle utanfor støtteordningane i kraftfondet, så det er dette kraftfondet kan bidra med i dette prosjektet.

Likebehandling. Her legg ein til grunn at vedtektene og retningslinene er konsekvens, men i alle næringssaker/støttesaker ligg det skjøn til grunn. Det er ingen automatikk i at alle skal få 25% av investering eller avgrensa til beløpsgrensene som er sett. Dette kan ein vise gjennom utfall av søknader politisk handsama i desember 2008.

	søkt	fått	% av søkt/	%-vis tilskot vs totalinvestering	
sak 1	15 000	0	0	0	
sak 2	50 000	40 000	80	22,2	
sak 3	16 780	16 780	100	10,7	
sak 4	150 000	0	0	0	
sak 5	80 000	30 000	37,5	30	
sak 6	90 000	40 000	44,4	9,0	
sak 7	150 000	40 000	26,7	8,5	
sak 8	200 000	50 000	25	12,8	3,9
sak 9	250 000	120 000	48	alt som lån	
sak 10	160 000	50 000	31,25	6,0	
sak 11	100 000	100 000	100	16,67	

Ut i frå dei reviderte vedtektene og retningslinene for kraftfondet, og at det var veldig stor pågang/tal søknader til 2.tildelingsrunde, ser ein ingen grunn til at ein skal ta klagen til følge.

## KONKLUSJON

Klagen frå Gunnar Trædal vert ikkje teken til følge. Vedtak i Kommunestyresak 103/2008 vert ståande.

1. Gunnar Trædal får eit tilskot på kr. 50.000,- til investering i utstyr.
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 11.12.2010.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	16.04.2009	032/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kraftfondsstyret	16.04.2009	001/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 09/224
--------------	---------------------

### SAK 032/09 - ÅRSMELDING FOR KRAFTFONDET 2008

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2008 for kraftfondet vert teken til vitring

#### Finansiering

#### Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

#### Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

#### **KRFT-001/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Årsmelding 2008 for kraftfondet vert teken til vitring.

#### Finansiering

#### Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

#### Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.04.2009:

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

- Det er gjort nokre mindre endringar i regelverket for elevbedrift (side 8 i årsmeldinga, med utgangspunkt i merknader frå Kommunestyret tidlegare)
- Det er løyvd ein del midlar til private bustadfelt (knytt til etableringstilskotsordninga, og praktisering først knytt til nytt felt i Haugsvær) og dette burde vore med i årsmeldinga.
- Ajourføring i høve pilotprosjektet s. 16 og 17 (Kommunestyret i mai 2009, og at årsmeldinga vert sendt ut til eksterne partar etter at dette er innarbeidd i årsmeldinga)

Saka vart drøfta.

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## **KS-032/09 VEDTAK:**

**Årsmelding 2008 for kraftfondet vert teken til vitring.**

### **Finansiering**

#### **Heimel**

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

### **Det skjedde i Kommunestyret den 16.04.2009:**

**Årsmelding 2008 for Kraftfondet vart samrøystes teken til vitring.**

## **SAKSTILFANG:**

Årsmelding kraftfondet – eige hefte

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

#### **§ 7 Årsmelding**

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

### **FAKTA**

Viser til årsmeldinga.

Det er gjort nokre endringar i regelverket for elevbedrifter – ut i frå spørsmål og synspunkt på regelverket under eit Kommunestyremøte.

Retningsliner kraftfondet er oppdatert for endringar gjort i 2008.

## **KONKLUSJON**

Ein tilrår at årsmeldinga vert teken til orientering

**Rett utskrift av møteprotokoll kommunestyret den 16.04.2009 frå den  
vert vitna:**

---

Håkon Matre  
Ordførar

---

Siri Kratzmeier  
Kommunestyremedlem

---

Terje Sætre  
kommunestyremedlem